

I gamle fotefar



ØYER OG TRETEN HISTORIELAG 2000

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, Tretten.
ISBN 82-7275-111-9

Innhold

Noen ord først	5
Lars Holmen: Turistnæringa	7
Johan Kraabøl: Håndverkere i bygda vår	18
Jørgen Rybakken: "Snekring var tingen"	32
Gunnar B. Styve: Skulen	35
Marit Rusten Fløtoft: Flukten fra landsbygda	59
Arne Kjorstad: Litt om skogbruket i Øyer fra gamle dagar til i dag	69
Bøker og hefter	76

Framsidebildet:

Langsveen ungdomsherberge. Husa låg på både sider av riksveg 50 (E-6) like nordafor Hunder stasjon. Hovudbygningen som ein ser litt av til venstre, brann 23.12.1963. Dei andre husa på bildet vart rivne ved vegutviding omkring 1970. Berre uthusbygningen står att nå.

Noen ord fyrst ...

I fjor tok vi for oss tidsrommet 1945-65 og fortalte om ulike sider ved livet i Øyer og Tretten i desse åra - om næringslivet, levekåra, kulturlivet. Dette var ei utruleg interessant tid - serleg når ein ser ho på denne tidsavstanden. Ingen 35-årsbolk i lokalhistoria, Norgeshistoria eller verdshistoria rømer så mange endringar av samfunnet som denne siste. Historia er ei endelaus rekke av årsaker og verknader. Vi såg starten på mange av desse endringane i den tjugeårsbolken som vi skal fortelja om.

I år held vi fram innafor same tidsrommet og har funne noen nye emner; og vi meiner å få til enda eit hefte frå denne tida.

Vi nyttar høvet til å takke dei som har skrivi, og dei mange som har gjeve opplysningar til artiklane eller lånt ut bilder - hermed ein hjertens takk!

Helsing frå oss i redaksjonen

To av medarbeidarane, Johan Kraabøl og Marit Rusten Finfoft, takkar for seg når dette heftet er ferdig. Johan er ein av pionerane i redaksjonen, Marit har vore med dei siste fem åra.

Underskrivne vil på vegner av Øyer og Tretten historielag takke for solid innsats for laget, og for sin eigen del - for hyggeleg og gjevande samarbeid gjennom mange år.

Mary Skaug og Oddvar Stensrud har sagt seg viljuge til å gå inn i redaksjonen i staden. Han som er att, ønskjer dei hjerteleg velkomne!

Øyer, i oktober år 2000

Lars Holmen

Lars Holmen:

Turistnæringa

(1945–1965)

Turistnæringa har lange og sterke tradisjonar i Øyer og Tretten. Like frå den tida det var skyss-stasjonar, var det fleire gardar som dreiv med gardsturisme, lenge før det ordet var oppfunne.

I dei fyrste åra etter krigen var det i alt femten større og mindre turistverksemder i kommunen. Det meines her tradisjonelle turiststader der gjestene hadde full pensjon. Det vart ei slik verksemd til i denne perioden: Bådstø Gjestgiveri. Fem av desse låg i seterregionen, sju i dalbotnen og dei fire siste oppe i dalsidene. Dei hadde ulik storleik og standard. Det var for eksempel berre Winge, Nermo og Losnaos som hadde rom

med varmt og kaldt vatn på den tida. På dei andre vart vaskevatn sett inn til gjestene, men det skjedde ei standardheving etter kvart.

Fleire av turiststadene var drivne saman med gardsbruk eller seterbruk, og desse var sjølvforsynte med viktige matvarer som mjølk og fløyte, kjøtt, flesk og poteter. Det var ingen restriksjonar på å bruke eigne gardsprodukt den gongen.



På Musdalassetra 1952. Skeikampen i bakgrunnen.

Like til fyrst på 60-talet kom dei fleste gjestene med jernbanen. Nokre få av desse turiststadene hadde eigne bilar. Dei henta gjestene sine sjølve på jernbanestasjonen og køyrdet dei dit att ved avreise. Dei andre brukte drosjer til denne oppgava. Dei største turistverksemndene henta også sjølve gjestene sine like i Oslo, og køyrdet dei attende dit. Tre turiststader var nære naboar til jernbanestasjon. Da privatbil vart meir allminneleg, kom ein større del av gjestene i eigne bilar.

Dei første åra etter krigen kom gjestene frå heile Skandinavia, seinare også frå land ute i Europa. Med krigen like bak seg, var det herleg å få komme ut på landet: få eta seg god og mett og nyte den attvunne fridomen på ein triveleg stad i herleg natur. Verden på Aasletten hadde vekt, og dei som ville, kunne få vega seg når dei kom, og da dei reiste. Var det vektauke, var det positivt både for vert og gjest! Det var aldri snakk om slanking den gongen; tvert om – det galdt å leggje på seg.

Det var folk frå den økonomiske over- og mellomklassa som tok opphold på hotell og pensjonat den gongen. Opphaldet kunne vara frå ei til tre veker, somme kunne bli i fire veker. Gjestene var familiær, par og einslege. Stort sett valde dei hotellstandard etter økonomisk evne.

Gjestene aktiviserte seg mye sjølve. Dei gjekk turar, og om vinteren var skiene flittig brukt. Somme turiststader nede i bygda frakta gjestene sine til fjells for turgåing både vinter og sommar, og rundturar i distriktet var populært. Maihaugen og Aulestad var gjæve turmål, og elles fjella i dei nærmaste bygdene.

Og gjestene underheldt seg med kvarandre, m.a. med ymse slags spel, og dei kunne bidra med musikk og med små kåseri og fo-

redrag av ulike slag. Mange av dei var ressurssterke folk med god utdanning. Dei hadde mye å gje i sosial samanheng og skapte eit svært positivt miljø. I påska vart det arrangert skirenn, og påskekvelden og olsokkvelden var det fest. På stader med gardsbruk og seterbruk, var det gjævt for borna blant gjestene å vera med i fjøset og på jordet.

Nesten alle desse turiststadene var såpass små at heile verksamheten levde i næromkontakt med gjestene. For dei vart turisttrafikk ein livsstil. Ein måtte like å vera saman med andre; da vart også samveret gjevande, og ein vann seg venner for livet. Mange av gjestene kom att – år etter år – til same staden.

Det var to sesongar: vintersesongen som vara frå litt før jul til påskehelga var over. Sommarsesongen vara frå midt i juni til ut i september. Turiststadene i seterregionen hadde også ein liten jaktsesong om hausten. Nokre av desse hadde ope berre i påska vinterstid. I sesongane var det fullt kjør utan lengre fritid. Tida i mellom var sjølvsagt roleg, men også da var det nok å gjera med å førebu neste sesong, m.a. med husvask.

Det var ikkje alltid så lett å få tenestefolk til turistnæringa. Det var full sysselsetjing i landet, og dette var sesongarbeid. Somme måtte like til Trøndelag og Nord-Norge etter folk. Lønsforholda i turistnæringa var heller ikkje serleg gode. Seinare – da vidaregåande skulegang vart allminneleg – vart skuleungdom mye brukt som arbeidskraft, serleg om sommaren.

Også på somme gardar og setrer kunne dei ha hus eller hytte, seterhus eller lunnstugu som dei leigde ut til byfolk. Der stelte dei seg sjølve og vart gjerne i fleire veker, helst i sommartida.

Turistverksemder

**Langsveen ungdomsherberge, postadr. Hunder
Eigarar: Liv og Leif Rusten (Leif d. 1959)**

(Sjå framsidebildet)

Fire hus var brukte i turistnæringa. Hovudbygningen hadde innlagt vatn. Utedo. I alt 35 senger. Gjestene hadde oftest sovepose, men kunne også få lånt sengetøy. Heilårssdrift. Både overnattingsgjester og gjester for ferieopphold. Mange skuleklasser og foreiningar. Hunder stasjon var nærmeste nabo. Gardsbruk med husdyr. Herberget var tilslutta "Norske ungdoms-herberger". Turistverksemda vart nedlagt i 1963 da hovudbygningen brann.

**Pellestova, Hundersetra, postadr. Hunder
Eigar: Magnus (Pelle) W. Skalmstad.**



Fjellstua starta opp dei fyrste åra etter krigen med 5-6 senger. Utedo. Fleire utvidingar. 1965: 55 senger på 25 rom. El. straum i 1958. Før: sentralfyr. V. og k. vatn på romma, wc, dusj og bad på gangen. Hestetransport frå Hunder stasjon vintersid. Beltebilar frå 1956, også frå Nordsetra. Sommarveg til Reina i 1965, Pellevegen. Eigen bil.

**Aasletten Pensjonat, postadr. Hunder
Eigarar til 1952: Agnethe og Theodor Wedum,
deretter: Eldri og Kristian Wedum.**



To hus vart brukte til turisme. 50 senger. Bad og wc på gangen. Vedomnar. Tennis- og krokkettbaner. Gardsbruk med husdyr. Sommarsesong.

**Nermo turisthotell, postadr. Hunder
Eigarar: Gudrun og Johannes Nermo.**



70 gjestesenger på 35 rom. Alle romma hadde v. og k. vatn, 15 rom hadde også bad og wc. Festsal. Tennisbane. Eigne bilar. Selskapslokaler. Gardsbruk med husdyr. Winter- og sommarsesong. Personal: 10-12. I 1955 vart hotelldrifta førebels nedlagd da hotellbygningen vart bortleidt til døveskule.

Nermo fjellstue, postadr. Hunder

Eigarar: Gudrun og Johannes Nermo. Brukarar i tida 1947-54: Ingrid og Ole Blikås.



Hovudbygning, eit lite annek og ei hytte, totalt 20-22 gjestesenger. Vedomnar og aggregat gav lys; parafinlamper i reserve. El. straum frå 1955. 1957: Utviding til 50 senger. V. og k. vatn på romma, wc, dusj/bad på gangen. Dels el. oppvarming. Vintersesong, sommarsesong og jaktsesong. Sentralfyr frå 1960. Eigen bil. Personal: 6-8

Hornsjø Høyfjellshotell, postadr. Lillehammer. Eigarar: Elisabeth og Albert Wedum.



Ca. 60 senger i 1940-åra. Staden heitte da Hornsjø Høyfjellspensjonat. Fleire utvidingar. Omkring 1965: 230 gjestesenger. Høyfjellshotell i toppklasse. Innadørs svømmebasseng. Vinterhage. Kongresshall. Sommarveg om Brummunddal, Nordseter og Øyer. Vinterstid: transport med beltebilar frå Nordseter. Frå 1964: heilårsveg frå Brummunddal. Eigne bilar og buss. Vintersesong, sommarsesong og jaktsesong. Personal ca 45.

Haugens pensjonat, postadr. Øyer
Eigarar: Ragnhild og Olav Jenssen. (Ragnhild d. 1960.)



Påbygg 1949. 15-16 gjestesenger. Wc på gangen. Vedomnar. Heilårsdrift. Overnattingsgjester og gjester for ferieopphold. Selskapslokaler.

Tingbergområdet ca 1955.

Vinkelbygningen midt på bildet er Haugens Pensjonat.

Fjellbu, Pølen, Postadr. Tretten
Eigarar: Anna og Einar Rinheim.



Døtrene Marie, Ruth og Jørga dreiv fjellstua attåt seterstell. 16 gjestesenger. Parafinlys, vedomnar og utedo. Alt vatn måtte berast inn – og utatt! Påskesesong, sommarsesong og jaktsesong. Fjellstua vart nedlagt ca 1960.

Solvang Gjestgiveri, postadr. Tretten.
Eigarar: Aksel Huuse og Sigurd Solheim. Brukar: Åsta Rogne.



10 gjestesenger. Vedomnar og utedo. Heilårsdrift. Overnattingsgjester og gjester for ferieopphold. Selskapslokaler.

**Bådstø Gjestgiveri, postadr. Tretten
Eigarar: Mari og Johan Bådstø**



Oppstart etter restaurering i 1958. Påbygg 1960-61. Omlag 40 senger på 17 rom. V. og k. vatn på romma, dusj/bad og wc på gangen. Sentralfyr. Heilårsdrift. Overnattingsgjester og gjester for ferieophphald. Selskapslokaler. Camping. (Borna på bildet er "Brummen" Normann og Elin Dagny Bådstø).

Øygarden pensjonat, postadr. Tretten. Eigaraar til 1952: Marit Solvang og Marie Pettersen. 1952-62: Hilda og Rolf Madsen. Frå 1962: Gunvor Halland.



35 senger på 16 rom. Vedomnar. Frå 1962: El. oppvarming, v. og k. vatn på romma, wc, dusj/bad på gangen. Heilårsdrift. Selskapslokaler.

**Glomstad Gård & Pensjonat, postadr. Tretten.
Eigarar: Jøda og Ingolf Glomstad. (Ingolf d. 1955)**



Omlag 20 gjestesenger i 1945. Vedomnar og utedo. Ombyggjing/utviding i 1953 og -59. Omlag 40 senger. El. oppvarming, v. og k. vatn på romma, wc, dusj/bad på gangen. Vintersesong og sommarsesong. Eigen bil. Gardsbruk med husdyr. Selskapslokaler.

Losnaos hotell, postadr. Tretten
Eigarar: Ester og Kristian Johnsen.



25 senger. v. og k. vatn på romma, bad og wc på gangen. Vedomnar og el. varmeomnar. Heilårsdrift. Feriegjester og gjester i ulike ørend for kortvarig opphold. Selskapslokaler.

Winge turisthotell, postadr. Tretten
Eigarar: Marthe og Nils A. Smith Eriksen.



80-85 senger. Romma hadde v. og k. vatn, bad/dusj og wc. Sentralfyr. To tennisbaner og minigolfbane. Parkanlegg. Eigen bil. Vinter- og sommarsesong. Personal: 20-25. Hotellet vart brannherja i mai 1957, vart litt oppattbygd, men selt eit par år seinare og opphørte førebels som turistverksemeld.

**Optun Gård & Pensjonat, postadr. Tretten, Eigar til 1952: Julie Wulfsberg
1952-57: Anna og Sverre Strangstad. Frå 1957: Synnøve Hunstad.
Strangstad var brukarar like til 1957.**



Omlag 30 gjestesenger. Tre hus vart brukte til pensjonatdrift. Dusj/bad og wc på gangen. Frå 1952: V. og k. vatn på romma. Vedomnar. Eigen bil. Vinter- og sommarsesong. Gardsbruk med husdyr. Personal: 5-8.

**Roåker fjellstue, postadr. Tretten
Eigarar: Jenny og John Ødegård.**



Fjellstua vart bygd i 1948 og var i drift i noen få år. 8-10 gjestesenger. Vedomnar, parafinlys, utedo. Påskesong, sommarsesong og jaktsesong. Seterdrift. I påska måtte gjestene køyrast med hest frå Pålrud.

Camping og overnatting

Alt i 1930-åra begynte dei fyrste sykkelturistane å komme. Dei hadde med seg kvite pyramidetelt eller andre enkle telt som dei slo opp der dei fann ein høveleg plass. Det måtte vera tilgang til vatn og litt buskas så ein kunne gøyne seg når ein skulle gjera somme naturlege ærend. Det var ikkje noe allminneleg forbod mot telting. Det seier seg sjølv at det vart fort utriveleg på slike plassar. Men slik var stoda til ut i 1950-åra.

I takt med utviklinga av biltrafikken, meir fritid og betre råd blant folk, endra også turisttrafikken seg. Før 1960 var det lite av privatbilar. Men da bilsalet vart heilt frigjeve dette året, vart privatbilen allemannseige på få år. Familiær med allminneleg inntekt og små og store born, drog nå på ferieturar og reiste lange avstandar på stutt tid. Dei stoppa ofta berre ei natt på kvar stad, og dei tok ikkje inn på dei tradisjoelle turiststadene. Såleis vart det bruk for andre og billegare typer turistverksemder. Det vart campingplassar og rom for overnatting. I 1960-åra kan ein seia at campingturismen vart til.

På Magelineset var det teltplass like frå

1934, og dette var den einaste teltplassen i kommunen like til først på 1950-talet. Da begynte det så smått med telting i Bådstøhaugen, og Signe Blomberg som budde i Eriksrud, hadde eit tilsyn med denne. I 1953 vart det teltplass på Stav. Dei fyrste campingplassane hadde gjerne ein vasspost og allminnelege tredoar. Men enkle telt var framleis einaste overnattingsmåten, og turistane hadde med seg primus til koking.

I regnver er det ikkje så hyggeleg å liggje i telt – slett ikkje med små born. Rundt 1960 kom dei fyrste campinghyttene og slike hytter vart snart allminnelege. Dei hadde gjerne 2–4 køyesenger, eit lite bord og eit par taburettar. Somme kunne ha elektrisk lys og ei kokeplate. Det var heile utstyret, og folk syntes det var storveges.

Campingplassane hadde gjerne ein liten kiosk der det vart selt godterier og mineralvatn, bilder og postkort, suvenirer og andre småting. Slik var stoda i 1965.

Konkurranse er ei drivkraft. Folk kravde meir, og var viljuge til å betale for det. Etterkvart vart hyttene gjerne større og fekk meir utstyr; og den campingplassen som



Stavsplassen med Fonstadsalen i 1959.

kunne by på skikkeleg sanitæranlegg: vaskerom, dusj og wc, stod sterkare i konkurransen. Dette var da fellesanlegg for heile

campingplassen. Men dette kom stort sett etter 1965.

Somme gardar og folk elles som hadde rommelege bustadhus, leigde ut rom til reisande turistar. Dei kunne ha frå 8–9 til 20 sengeplassar. Nokre få av desse kunne tilby overnatting med frukost, eller turistane fekk tilgang til kjøkken eller ei kokeplate. Ein ser fleire eksempel på at kapasiteten vart utvida med nokre campinghytter i tillegg. Det syner at bilturismen var i utvikling, og at dette gav ei inntekt som var verdt å ta med seg.

Fleire av dei som dreiv på denne måten, opplevde denne verksemda som positiv, trass i at dei hadde framandfolket like inn på seg. Dei møtte så mange takksame og hyggelege menneske, har somme sagt. Men det var nok også dei som gjorde heilt andre røynsler. Desse overnatningsstadene låg alle nær E-6 – eller riksveg 50 – som vegen heitte fram til våren 1965.

Også dei gamle, tradisjonelle turiststade-ne tok i mot gjester for overnatting med frukost, serleg dei som låg langs riksvegen.



Frå høgre: Steinar Skåden, Ingrid, Solveig og Ole Blikås, omlag 1958.

Campingplassar og overnattingsstader i 1965:

(Årstalet viser når verksemda begynte. Der det ikkje står noko anna, var eigaren også brukar.)

I Øyer:

Fossegården, overnatting m/frukost.
(1965) Eigar: Olaf Andersgård. Brukar:
Helga Andersgård.

Langvik Camping, hytter, (1964)
Eigar: Sverre Langvik.

Blikås, overnatting. (1955).
Eigarar: Ingrid og Ole Blikås.

Odden Camping (1963), hytter (1965).
Eigarar: Olaug og Harald Odden.

Blomberg, overnatting (1953), hytter
(1961). Eigar: Kjelfrid Thompson.

Rustberg Camping, overnatting, hytter
(1965). Eiggarar: Thea og Ola Rindal.

På Tretten

Tande, (Tautrom) overnatting (1954), hytter
(1965). Eiggarar: Hjørdis og Karstein Tande.

Bruvang, overnatting (1964).

Eigarar: Magnhild og Gunnar Flatemo.


Moset, overnatting (1958), hytter (1964).

Eigarar: Ragnhild og Knut Stalsberg.

Stav Camping, (1953), overnatting m/frukost, middagsserv. Eiggarar: Gudvei og Olaf Fonstad, Tretten.

Eriksrud, overnatting (1965), hytter
(1965). Brukar: Grete Nyfløt.

Bådstø Camping, teltplass frå fyrst på 50-talet, hytter (1958). Eiggarar: Mari og Johan Bådstø.



Campinghytter på Bådstø – dei fyrste i kommunen.

Sandviksberget Camping (1962), hytter (1964). Eigarar: Aagot og Lars Skogheim.

Brudal, camping og overnatting, (1960). Eigarar: Åsta og Erik Klæva.

Mageli Camping, teltplass frå 1934, hytter og sanitæranlegg 1960. Plassen var bortleigd i åra 1949-59. Eigarar: Kari og Kristian Mageli.

Kjelder: Opplysningar frå eigarane av turiststadene eller andre som hadde kunnskap å gje.



Mageli Camping. Kristian Mageli på trappa.

Håndverkere i bygda vår (1945–1965)

Fra langt attende, gjennom lange tider, var storparten av folket sysselsatt i primærnæringene, og mangt et solid håndverk ble utført der. Forholda i Øyer og Tretten var ikke unntak i så måte. De enkelte garder var for det meste sjølforsynte enheter som produserte det som trengtes i året. Ikke bare mat og drikke, men og mesteparten av andre produkter drifta hadde behov for.

Om bøndenes håndverksbehov fra ei svunnen tid, heter det: - Mannfolka måtte smi verktøy og våpen, sør og beslag. De måtte bruke kniv og øks, lage slede, sal og seletøy, lage kar og kjørel til husets behov. De kunne bygge hus og tekke tak. De garva lær og beredte skinn, sydde sko og skinnfeller. Sammen med kvinnfolka var de med på slakt og brygging, og malte korn til mel og gryn. Kvinnfolka dreiv med bakst og stelte med ull og lin. De karda, spant og vov, og de sydde også klær.

Mye av dette var møysommelig håndarbeid, og attåt bonden og bondekona var det alltid stort behov for arbeidsfolk av ulik art. Arbeidet krevde fagkunnskap på en rekke områder, og nettopp der kom håndverkeren inn med sin viten. Det trengtes spesialister, dvs folk som hadde håndverket sitt som hoveddyrke. Den gang, som nå, besto denne yrkesgruppa av menn og kvinner som hadde utvikla evner, anlegg og håndlaget sitt i spesielle fagretninger. Fra gammelt av, og især på landsbygda, ble slike ferdigheter ofte overlevert fra far til sønn og fra mor til datter.

Folk fra håndverkerstanden har til tider fått føle mange endringer i tilvante arbeidsmønstre. Forbruksartikler som tidligere var

laget for hånd, ble i økende grad masseprodusert på fabrikker. Som et ledd i denne utviklinga, har mange håndverkere måttet bryte med gamle tradisjoner og skaffe seg arbeid på bedrifter i industristrøk.

Andre forhold har derimot virket i motsett lei for håndverksmiljøer i bygdesamfunnet vårt. Mellom anna har det i lange perioder vært ei utbyggings- og moderniseringsånd som har ropt på dyktige håndverkere.

Tross skiftende tider, var det likevel svært mange som, helt eller delvis, fant levebrød for seg og sine her i Øyer og Tretten i hundreåret som gikk. Det er folk nettopp fra denne gruppa jeg vil forsøke å gi en oversikt over i denne artikkelen. Disse som, med sine tilegna kunnskaper, anvendte lærdommen i selvstendig næring her i kommunen innafor en 20-års periode fra 1945. Dette var viktige personer. Ikke bare hadde de ansvaret for det fagarbeidet som ble forventet fra deres egne hender, men og for resultatet til de andre, mer og mindre kyndige, som deltok i arbeidet. For å begrense mengden av ellers relevant stoff til emnet, er håndverkere i lønnsforhold og utøvere av mer hobbyartet husflid i heimen ikke tatt med i denne artikkelen. Her blir grensene

vanskelige å trekke, bl.a. fordi vi alle har våre begrensninger når det gjelder å huske. For de som er tatt med, har jeg ført opp hvor

de bodde og/eller hadde verksted, men mange dreiv sin virksomhet langt utover grinda de var bosatt i.

HÅNDVERK I TRE

Rik tilgang på trevirke har trulig vært hovedårsak til at mange fra barnsbein av har lært seg å bearbeide dette materialet. Kvalitetsprodukter av tre forteller oss at høgverdige tradisjoner i arbeidsteknikker og utforming er tatt vare på og har satt spor i vår kommune. Men bygdahåndverkerne har også synt evne til å tilegne seg formspråk utenfra. Fra gammelt av vitner bruken av bl.a. akantusskurd på inventar i kirkene våre om dette. Det fine treskjærerarbeidet er truleg gjort av folk fra prestegjeldet her.

BYGNINGS- OG VERKSTEDSSNEKKERE

Johan Pettersen (gründer) og sønnen **Bjarne Elvestad** var begge å finne i verkstedet i Stav sentrum. Spesialiteten deres var konstruksjon av svingtrapper. Et arbeid av vanskelighetsgrad som kunne sidestilles med høyere matematikk, ble det sagt. Det var ellers stor bredde i oppdragene der.

Johannes og Sigurd Rønning hadde verksted i bolighuset sitt på Nord-Tretten. Johannes mistet synet i ung alder, og lærte snekkerfaget på blindeskole. Det var underlig å gå inn i verkstedet hans på kveldstid og høre båndsaga kvine et sted inne i det bekymrke rommet. Han var overlegen i å snekre divaner, binde fjermadrasser og stoppe møbler. Tross sin befatning med farlige redskaper i totalt mørke, var han en av de få møbelsnekere som kom gjennom yrkeslivet med alle fingertuppene i behold. Johannes overførte kunnskapene sine til nevøen Sigurd.

Kristian Hagen hadde snekkerverksted sør for Trettenbrua. Solid håndverk og erfaring fra et langt liv ved høvelbenken, prega virksomheten hans.

John Erlandsen Nerli ved Mågålinneset utførte varierte oppdrag både i snekkerhuset heime, og i forbindelse med innredninger ute på bygda. Han var, mellom anna, kjent for å lage solide, velforma sleder.

Kåre Mellomberg i "Kanan" hadde benkesnekkeri som næring i nær sagt all sin tid. Blant andre allsidige oppdrag, var det møbler som dominerte produksjonen der.

Hans Svehaugen dreiv snekkeri attåt jordbruket på Midt-Tretten. Blant jordbrukere omtales han for sine evner til å lage gode hesteredskaper, slik som langkjerrer. Men han var også kjent for å lage smekre ting, som spisestuemøbler i flammebjørk. At eplet ikke faller langt fra stammen, ble bekrefta ved at sønnene **Karstein, Asbjørn** og **Hjalmar** også fulgte i håndverkersporet.

Asbjørn Holen ved Musdalsvegen laget foruten trapper og møbler, nær sagt alle teknelige artikler av tre i verkstedet sitt. Bl.a. er dagens kirkebenker både i Øyer og Tretten, laget av ham.

Aksel Rønning, med bolig i stasjonsområdet, sto for utstrakt byggvirksomhet i og utenfor

bygda. Mange håndverkere fra mur- og tømrerfaget var knytta til virksomheten hans. Gjennom sin kompetanse og kapasitet, ble mange krevende byggeoppdrag ham til del.

Harald Sørli, Sørmågåli, var vel kjent som produsent av bl.a. river og ljåorv. ”Storkakken” (det øverste håndtaket på orvet) han laget, hadde ord på seg for å ligge godt i han- da på slåtekaren, og var derfor svært brukervennlig.

Einar Moen, Midt-Tretten, dreiv byggevirksomhet med til dels flere mann i arbeid. Hyttebygging og restaurering av hus og bo- liger var hyppige oppdrag.

Alfred Skogheim ved Moksadalen fant råd for uråd når det gjaldt husbygg i reisverk eller gammel lafteteknikk. Han var kjent for stor aktivitet og for sin utstråling av arbeids- glede i befatning med det meste innen begrepet håndverk.

Einar Bjørnstad, Sør-Tretten, var aktiv håndverker her i bygda i denne perioden. Våningshus og hytter i fjellområdet er stående minner om virksomheten hans.

Johan Kraabøl, Nord-Tretten, var også be- skjeftiget med bygging av bolighus og driftsbygninger som attåtnærings til jordbru- ket denne tida.

Ole Granum, også Nord-Tretten, var i byg- gefaget. Foruten å reise hus i tradisjonelt bindingsverk, mestret han også storbila og laftestokken.

Ivar Fonstad snekra i boligen sin. Den lå nær Sør-Trettenvegen, ved avkjøringa til Fonstad. Foruten dører og vinduer, ble også stoler og bord levert fra enmannsverkstedet hans.

Martin Simengård hadde verkstedet sitt oppmed Moksaelva, der han laget flere vari- anter av møbler. Det meste av produksjonen gikk til Husfliden i Oslo. Brudestolene i Trettenkirka er snekra og skåret av ham. Ei tid var han lærer ved Hjerleidske husflid- skule på Dovre.

Ved skjells år og alder, fortsatte sønnen **Asbjørn** produksjonen, som da mest besto av stoler og skatoll. Noe av det Asbjørn la- get, vet vi havnet i utlandet hos norske am- bassadører med sans for det heilnorske.

Magne Hjelmstad, Midt-Tretten, bygde eget verksted etter mange års praksis hos Martin Simengård. Også Magne var leve- randør til Husfliden. I tillegg hadde han et mangfold av oppdrag fra bygdafolk og an- dre.

Torger Linløkken, sør for garden Holmen, var kjent for sin gode formsans i arbeidet med å lage vridde ”kakker” (håndtak) til ljåorv. Dessuten hadde han velutvikla evner i bøkkerarbeid (lagging). Det går ut på å lage trekar av stående staver bundet sammen med tregjord med ”lås”. Utallige laggakoper, fra små fiskebutter til store saltingskar, forlot snekkerrommet hans med åra. Som fast særoppdrag sopte Torger Tretten-brua rein for hestemøkk hver lørdag. Dette gjorde han med sjølbundet skaftelime av bjørke- ris. Slik ble også dette håndverket til glede og synlig gavn for allmugen.

Amund Nygard i Musdal var fagmann i husbygging, og hadde i lange perioder flere folk i arbeid. Oppføring av Tretten pleie- hjem (nå revet) og Tretten samfunnshus er noen av oppdraga hans i dette tidsrommet.

Johannes Galtrud og sønnen **Trygve** var aktive håndverkere med verksted øverst i Musdal. Mange gjenstander av utradisjonell

karakter, slik som kåter og kubbestoler, fikk vakker utforming mellom hendene deres. Gjester fra Wingeotellet var blant ivrige kjøpere av unike produkter derfra. Utstyr til jordpåkasting (traug til jord, spade og skamme) i Tretten kirke laget Trygve i 1964.

Johan Offigstad, Musdal, var benkesnekker og treskjærer med sikker sans for spisestu- og soveromsmøbler, alt med utskjærringer. Under oppbygginga av Winge Sanatorium og Optun Gård og Pensjonat, var Johan stor leverandør av inventar. Ved senere endringer av Winge-bedriften, ble mange av møblene Johan hadde levert der, kjøpt av bygdafolk og pryder mange heimer i dag. Foruten at han gikk i snekkerlære i Valdres, lærte han treskurd ved Hjerleidske på Dovre, der han også hadde flere lærervikariater.

I Nordbygda i Øyer finner vi **Mathias Nylund**, der sønnene **Magne** og **Kåre**, med godt håndlag som arvet nådegave, overtok den innarbeidde, allsidige virksomheten i husbygging og anna snekkerarbeid.

Fra samme grenda, og for samme fag og allsidighet, noteres også **Kristian Høgberg** og brødrene **Arne** og **Håkon Høistad**. Sistnevnte fikk senere god bruk for sin viden om trevirke som sagmester hos Jørgen Trosvik.

I Midtbygda var kompetanse i husbygging rikelig å finne hos **Sverre Aaseth**. Dessuten ble fagarbeid i lafteteknikk utført av **Simen Teige** og **Olaf Bergseth**, som var yrkesbrør.

Kolbjørn Holten sørget for utvalg i solide møbelvarer fra produksjonen han sto for i verkstedet som Karl Bergheim og Jørgen Rybakken tidligere hadde satt opp.

Liesgrenda var selvforsynte med varer fra møbelbransjen alt mens møbelsnekker **Jan**

Lie Bjørkelund var i aksjon i verkstedet sitt på Nygrindbakken.

Samme grenda huset også **Gudbrand Bræin**, som dreiv utstrakt byggevirksomhet både i og utofor bygdagrensene.

I Sørbygda, på jordbruket Oppheim (Jarshågåן), bodde **Einar Oppheim**, som attåt gardsdrifta var svært så opptatt som tømmermann.

Birger Oppheim, med boplass ved Ile, var og tømrer, som broren. Laftekunnskapene sine overførte han til andre ved å holde kurs i dette faget.

Jan Nordby var aktiv og ettertraktet både som snekker og dreven laftekunstner denne tida.

Kaspar Torgersen var også snekker i Sørbygda.

Einar Bræin, Skalmstad, var også snekker samtidig som han dreiv skogen og en gards sag på Skalmstad.

Otto Bræin dreiv Bruvoll sag, men også noe snekkervirksomhet.

Ivar Bræin utførte og mye snekking og annet håndverk i bygda, selv etter at han hadde flyttet til Fåberg.

Hos **Sverre Bræin**, med snekkerverksted på gamle Bruvoll sag, besto produksjonen i hovedsak av dører og vinduer, men trapper og kjøkkeninnredninger ble også laget. Senere i perioden kom sønnen **Torbjørn** til bedriften og bygde sitt eget verksted rett ovafor.

På Vestsida ble allsidige oppdrag utført i snekkerverkstedet til **Asmund Nordstrøm**.

Brødrene **Magnus** og **Per Lønneberg**, Guri svea nord i Vestsida, hadde begge velutvika håndlag. Ved siden av å ha en urmaker i seg med kunnskap nok til ”å røre verket”, var Per mester i å lage kniver og slirer som han prydet med holker av nysølv. Den sterke sida til Magnus var bl.a. å lage sleiver og reiphærdere av tre. Hærdera vart god om emnet var av hegg og hogd om høsten, var av hans visdom fra et langt håndverkerliv.

Kåre Sveen med flere ansatte utførte alle typer byggeoppdrag i distriktet.

I samme bransje, og med bredde i oppdragene, dreiv **Jørgen Rybakken** med mange ansatte. Tidligere var han, i kompaniskap med **Karl Bergheim**, opptatt med verkstedproduksjon av møbler.

Se ellers artikkel av Jørgen Rybakken s.32 i dette heftet. De forholda han beskriver, er vel typiske for flere håndverkere i denne perioden.

TÅGBINDERE OG KORGMAKERE

Olga Enge fikk som gardkjerring på Nord-Tretten, nærbakkt med produkter fra det særprega kvinnehåndverket korgbinding – en

kulturarv hun sjøl fikk trang til å ta del i. Å arbeide med tæger var et fag som da hadde ligget i dvale her i bygda i et halvt århundre.



Olga Enge i arbeid med sendingeskorg.

Kunnskap om råemne, bindeteknikker og mønstre tilegna hun seg ved selvstudium. Med åra laget hun imponerende mengder kvalitetsprodukter av tæger – alt fra bitte små brosjer av trådtynne tæger til store sendingskorger med hank. Ved selv å gå inn i den fåtallige rekken av utøvere, bragte Olga tågbindertradisjonen etter opp til gamle, ærefulle høgder.

En annen eldgammel teknikk Olga var kjent for, var kolrosing på treartikler. En risseteknikk der fargestoffet i finmalt olderbark blir gnidd inn i risset for å framheve dekoren.

Fletting, som ikke må forveksles med tåg-

binding, var en anvendt metode ved oppbygging av store, grove arbeidskorger. Korgmakeren kløvde rette stenger (påker) i høvelige dimensjoner, alt etter formålet, og fletta stående og liggende spildrer sammen til ei stor og kraftig flettverkkorg. Dette ble transportkorg til å bære agn, hakkels og andre førmidler i. Vedkorger, laga etter flettverkmetoden, var av mindre format og med bærehank på hver side.

Det var trulig flere som fletta korger i prestegjeldet vårt på den tida, men vi vet med sikkerhet om **Leif Sletmo** på Tretten og **Mathias Sparingen** i Øyer.

MURERE

"Når du har skaffet til veie dobbelt så mye gråstein som du trur det er behov for, da har du omtrent det halve av det som i virkeligheten vil gå med." Erfarne gråsteinsmurere gav iblant dette tipset om materialforbruket. En noe uklar opplysning for byggherren kanskje, men en desto klarere pekepinn om at det til en gråsteinsmur går med mye mer enn noen uerfaren kan ha begreper om.

"Våre" murere anvendte i liten grad naturstein (gråstein) til murverk. For attåt den velkjente teglsteinen av brent leire, kom det snart i bruk mange sementbaserte varianter av fabrikkproduserte murblokker.

Tor Løvmo i Musdal hadde murerfaget som eneyrke. Anlegg for dette hadde han fått i arv fra far sin, som var gråsteinsmurer. Mange murbygninger og peiskomposisjoner her i kommunen står som vitnesbyrd på Tor Løvmos virksomhet. At han arbeidet like godt – ja, kanskje bedre – med keiva som med høgrehanda, ble ofte lagt merke til og kommentert.

Maurits Bjørnstadjordet, også musdøl, hadde i hovedsak mur- og pussarbeid som leveveg. Betongstøping opptok og mye av arbeidstida hans.

Oddvar Vikmoen, med bolig rett ved kirka,

murte mange peiser og skorsteiner i boliger og hytter. Dette gjorde han attåt arbeidet som kirketjener på Tretten.

Hermann Odden, fra Nordbygda i Øyer, husker vi som framifrå gråsteinsmurer av god, gammel årgang, men ennå aktiv langt utover i etterkrigsåra. Også til Tretten ble han utlånt for oppdrag.

Kaspar Bræin, fra Sørbygda, var og kjent som en flink murer.

Laurits Hanssveen på Vestsida sto heller ikke tilbake i murerfaget.

MALERE

Intet gav bedre følelse av vedlikehold, velstand og trivsel enn synet og lukta av nymalt kjøkkengulv, der vedkassa hadde fått slumpen.

Vi som drar på åra, husker at linolje liksom var hovedoljen, men oxanoljen egnar seg likevel best til gulvmaling fordi den var mer slitesterk.

Malerne blandet selv malingen ut fra et kjempestort utvalg av brekkfarger. Artikkelskriven husker ennå det eventyrlige inntrykket han fikk da han som guttunge hørte maleren fortelle at han av rødt, blått og gult kunne lage alle jordens og himmelens farger!

Glasskitt og sparkelmasse var heller ikke butikkvarer, men ble laget for hånd av linolje, kritt og litt vann.

Av folk som kunne stryke slike fargegleder på hus og heim denne tida, nevnes fra Tretten:

Gunnar Kristiansen, med bopel opp for Stav. Brødrene **Leif** og **Kolbjørn Nymoen**, nord for Stav. I samme leia har vi **Kjell Nymoen** og **Magne Hagen**. Bosatt på Sør-Tretten var **Josef Strand**, **Torgeir Ring** og **Erling Blomberg**.

I Nordbygda i Øyer bodde og virket **Alois Chytíl**. Midtbygda og Flata hadde sin **Fredrik Krukstuen**.

Fra Vestsida hadde vi **Sverre Opjordsmoen**. Sverre dreiv mye sammen med **Fredrik Krukstuen**.

Øyvind Kruke virket også som maler i slutten av denne perioden. Øyvind og Erling Blomberg fra Tretten arbeidet mye i lag.

MALERE SOM TRADISJONSBAERERE

Det er blitt fortalt at 5 generasjoner i rett linje av slekta har malt Trettenkirka.

Vi entra tårnet, og på stolpeverket i høgde med klokkeopphegenet, fant vi interessant dokumentasjon.

Med start i 1883, er rekkefølgen av kirkemalere fra far til sønn som følger:

Lars Sagodden
Kristian Sagodden
Kolbjørn Nymoen
Kjell Nymoen
Finn Nymoen

SKOMAKERE – SALMAKERE

Under okkupasjonen var stiv trebotn vanlig brukt som såle på skotøy, men etter freden ble det snart bedre tilgang på lær, og bruken av tresåle forsvant, eller begrenset seg til spesielle typer fottøy. Skofabrikkene besørget snart all produksjon av skotøy. Bare unntaksvis ble sko laget av bygdaskomake-

ren. Påpasselig vedlikehold av fottøy holdt seg derimot oppe i mange tiår framover.

Foruten smålapping, som skakkslitte hæler og sør av oppsprukket overlær, utgjorde halvsåling mye av skomakerens gjøremål. Dette gikk ut på å forsyne skoen med ny slesåle av tykt lær fra vekket og framover.

Den ble festet med treplugger som ble slått gjennom lærålen og inn i underlaget mens skoen lå kvelva på jernlesten. Hull for pluggen ble laget med syl, og flere enn ett slag med hammeren pr plugg var nytteløst.

Senere ble pluggaskoen avløst av bek-sømstøvelen, der slitesålen ble randsydd til overlæret med bektråd. Sømmen ble lagt ned i ei knivskåren, djup renne i slitesålen for å beskytte bekråden lengst mulig.

Tråd til sømmen tvinna skomakeren sammen av flere lintråder til høvelig grøvelse. Tråden ble deretter smurt inn med bek, før grisebust fra en stor gris ble spleiset til tråden i begge endene. Slik ble det lettere å træ den seige bekråden gjennom det trange sylhullet.

Ofte dekket skomakeren også salmake-



August Sletten (1890–1975) i velkjent stil ved skomakerbenken sin på Sanden i Øvregate. Bare lukten av lær mangler. Han var å finne med skinnforkledet på til langt inn i alderdommen. I unge år opplevde August å være med på skomakerarbeid rundt om på gardene, for det meste på Nord-Tretten. På de største gardene der sjølvfolka sammen med tjenerstefolka utgjorde stort antall personer kunne de lage opp til 30 par sko før de dro til en annen gard, fortalte han.

Bildet er utlånt av GD



*Einar Bollviken med klypa til å sy seletøy. Til høgre bogringforma.
Bildet er utlånt av Kr. Hosar.*

rens gjøremål ved å lage lærgrimer og reparere selatøy.

Ved Tretten sentrum var **Ole Hauglund** og **August Sletten** begge veletablerte skomakere.

Kristian Bakkom i Musdal beherska, foruten å være lærskomaker, også teknikken med å såle om att fottøy av gummi. I ei spesiallaget metallform hadde han flytende gummimasse som han satte støvelen oppi og brente sålen fast. Han "vulka", sa vi. I Øyer, på Nybakken, i ei gammel ferdastugu (nå på Vegmuseet), var **Martinus Nybakken** skomaker på heltid. Han omtales med ærbødighet av kundene sine.

I tillegg var kretsen begunstiget med **Erling Bollviken** som velkvalifisert salmaker.

Andre i Nordbygda var **Einar Ødegård** og **Jan Bratt**, begge dyktige i sko- og salmakerarbeid. **Bernt Strand** var også kjent som en flink skomaker.

Midtbygda og Flata hadde **Arne Dalbu**. Først var han på Dalbu, men senere fikk han seg bolig med verksted i Prestlia, nå Kirkevegen.

Erik Lognseth hadde bolig og verksted i "Brua", ned for Solvang skole. Han var skomaker på heltid. (Mer om han i "I gamle fotefar", 1998.)

Laurits Hanssveen dekket Vestsida med skomakervirksomheten sin i Kåje.

Tov Bollviken dreiv både som salmaker og skomaker.

TEKSTILARBEID – SKREDDERE – SYDAMER

Noe av grunnen til at bygda var så godt dekket med håndverkere også innen søm, finner vi nok i de 5 krigsåra. Da hadde lapping og omsyng av klær vært en nødvendig del av tilværelsen, og endringer av dette mønsteret kom ikke over natta. Klær fra konfeksjonsfabrikker hadde heller ikke blitt vanlig for alle ennå.

Fredrik Haug og sønnen Rolv dreiv allsidig skredderi på Tretten. Mang en brudgomssdress ble sydd og underlagt kritisk fagprøving før den ble overlatt til den vordende ektemann. Med åra fikk også mannsbunaden sin renessanse i verkstedet der, et tiltak Rolv ble hedret for med tildeling av Kongens fortjenestemedalje.

Edvard Olsen i stasjonsområdet var anerkjent herreskredder, der også lærlingene og andre ansatte fikk nyte godt av fagkunnskapene hans.

Reidar Elgenes leide verkstedet etter Edv. Olsen for å drive i samme faget.

Magne Hovdsveen rigga til sitt eget beskjedne skredderbord heime i Kummen på Nord-Tretten. Dette etter at han hadde gått i lære og fått praksis hos både Edv. Olsen og Fredrik Haug.

Av kjente sydamer på Tretten i denne tida var **Ragnhild Sandbakken**, med verksted i sentrum, **Borghild Olsen** i Musdal og **Sigrid Linløkken** sør for Holmen.



Rolf Haug i verkstedet sitt. Han fikk Kongens fortjenestemedalje for sin bunadsøm.

Sigrid Stavslibakken var født døvstum og ble i 48-årsalderen lam fra overkroppen og ned. Hun var dyktig i sørmarbeid, og presterete å brodere 400 bunader etter at hun ble lam og helt sengeliggende. Hun bodde på Tretten aldersheim.

I Nordbygda i Øyer var **Emma Kvardal** god å finne når storforklær og hverdagsklær skulle syes, og **Ruth Høistad** når det var snakk om veving og montering av bunader. **Håkon Høgberg** virka også som skredder her.

Snareste vegen til dyktige sydamer i Midtbygda gikk til **Anna** og **Alma Sørum**, mens Liesgrenda hadde **Tora Nordheim** (Klukkerstugun) i Gamlevegen. **Marit**, datter til Tora, laget de fineste produkter på vevstolen sin helt til hun emigrerte til Amerika midt på 50-tallet.

Elisabeth Dahl (Trodalen), dreiv med fine-re sørn før hun reiste til Amerika.

SLAKTERE – PØLSEMAKERE – BAKSTKJERRINGER

Harald Bjerke var pølsebaker og hadde slakteri nordi Stav. Ellers var slakting utført på bygda mest vanlig gjennom alle disse åra. Bygdaslakteren hadde ofte lange og kalde arbeidsdager. Tida fra høsten og fram til den siste julegrisen var tatt, var en stri periode.

Ofte hadde bygdaslakteren sin egen grens som arbeidsområde, men grensene var aldri skarpe.

Av travelt opptatte slaktere på Tretten i denne tida, nevnes:

Erling Engejordet, Johan Reiersen, Olav Sandvik, Ottar Granheim, Ove Nerli, Jóhannes Myhren, Sverre Haugen, Ole

I Liesgrenda hadde vi også **Gunda Lie**, som broderte mange fine bunader. Dette nevnes selv om det meste av hennes produksjon nok var etter 1965.

Agnethe og **Eline Granrud** var kjente sydamer. De bodde på oversida av vegen ved Granrud.

I Sørbygda finner vi også flinke sydamer som **Ingeborg Bræin** og **Ingeborg Løken**.

Vestsida hadde sin egen **Aslaug Baggovout** (Sletthaugen). Der virket også **Aslaug Ødegård** en stund i denne perioden.

Strikking har vært et viktig håndverk som mange utførte til eget bruk og for salg. I denne perioden ble også strikkemaskiner tatt i bruk av flere. Som flinke utøvere her nevnes **Olga Lognseth** i Gamlevegen, og **Anna** og **Kristiane Ødegård** på Tolstad.

Prestegarden, Jon Brun og **Oskar Sustad**.

Av dyktige bakstkjerringer her nevnes **Kari Langsveen** og **Gunda Nymoen**.

I Øyer, med bosted i Nordbygda, praktiserte: **Erik Brustuen, Jan Bratt** og **Jan Ny-sveen**.

Midtbygda og Flata hadde **Ole Kruke** på **Kruke, Ole Solberg** i Bøhaugen og **Gunnar Syversen** på Krukhaugen.

Til å ta seg av julegrisen i Liesgrenda og på Flata var **Martin Rugløkken** og **Aksel Lie**

god å finne, mens **Ivar Ihle** var slakter i Sørbygda attåt gardsdrifta på Ilehaugen.

Sørbygda var ellers berika med flere bakste- og slaktekjerringer som alle kunne sitt fag. Gode navn her var **Agnete Høiby, Gudrun Kristiansen** og **Mari Sparby**.

Olaf Kolbustuen, Arve Nymoen, Ingvald

Nymoen, Johannes Nysveen og **Amund Kolbu** dekket behovet for slaktere på Vest-sida.

Vestsida var også rik på bakstekjerringer. Stabile kvinner her var **Syverine Smerud, Mina Brandborg, Olga Ødegård** og **Inga Flatstulsbakken**.

FRISØRER

Svært ofte var det naboen som stussa manken til karfolka. Det var enklest, og så ble det gjerne en kopp kaffe attpå. Kvinnfolka derimot følte større behov for ekspertise til frisyren sin – og den gamle krølltanga som ble varmet opp på komfyren, var nå blitt historie.

På Tretten bar følgende skilt bud om friser-damer med fagkunnskap:

Tora Rosalie Nordby, Edith Formo, Sol-veig Nordgård og Agnes Galtrud.

Dessuten fikk mange karer stusset naken hos **Rolv Haug**.

I Øyer hadde **Åsta Skogly** salong hos **Ole Blikås**.

Rett nok var **Martinus Nybakken** skomakeren som ble ved sin lest, men like fullt var

han mye anvendt som hårklipper. Tross prinsippet om at bare karer fikk bestige klippekrakken hans, oppnådde 2 kvinnfolk å bli faste kunder for hårklipp hos Martinus. Det var naboenene Mina Gillebo og Ingebjørg Hjelmstad, røper Ingebjørg.

Arne Viken og **Oskar Brenne** sa heller aldri nei til å ordne sveisen på karfolka langs Vestsida.

SMEDER, BLIKKENSLAGERE OG HOVSLAGERE

Fra eldgammel tid har det vært knyttet mystikk til smeden og arbeidet hans. Han kunne bl.a. lage sverd og andre våpen som det var trolldom i. Ifølge sagaen, var jordarbeid lite aktet og for en stor del overlatt til trellene, mens håndverk, og spesielt smedarbeid, ble omtalt på linje med skaldekunsten.

Av yrkessmeder hadde vi på Tretten **Leif Nordgård**, som hadde bolig og smie ved Moksaelva opp for Stav. (Elva tok hele eiendommen hans under flommen i 1995.) I stasjonsområdet på Vestsida står smia ennå att der **Erling Moe** praktiserte sitt smedfag. Foruten å være sleggegutter for far sin, del-

tok flere av sønnene hans i blikkenslagerar-beid der.

I Øyer, der Midtbygdsvegen tar av fra gamle E6, sto smia til **Sørumskarene Mikael** og sønnen **Arne**. De var allsidige karer som våga livet av og til ved å foreta reparasjoner av våpen for motstandsfolk under den tyske



Gammel smie i Trodalen i Øyer

okkupasjonen. (Meir om dette i "I gamle fotifar", 1995).

Å sko hester hørte og naturlig med til smedyrket.

Kristian Trodalen var også en anerkjent smed. Hans gamle smie står ennå i Trodalen ved Gamlevegen i Øyer.

RØRLEGGERE

Før plasten kom med alle sine varianter i rør og koblinger, var det rørleggerens lodd å arbeide med galvaniserte jernrør og tunge gjengesnitt. Utredo var ennå svært vanlig, men der vannklosett var montert, besto oftest det utvendige anlegget av glasserte leirrør til synkekum murt av kuppelstein. Innomhus besto opplegget av coilrør, dvs støpt

malmrør, der sikring mot lekkasje og av nødvendig stivhet i skjøtene ble oppnådd ved at klaringsrommet i flensen på muffene ble fylt med tjæredrev og smeltet bly.

Av slike fagfolk hadde Tretten **Gudbrand Fjerdrumsmoen** og Sverre Gråv. I Øyer praktiserte **Knut Lognseth**.

MEKANISKE VERKSTEDER

Karstein Nordgård hadde bilverksted på Østsida ved Trettenbrua, ved dagens Statoil-lokaler. Senere bygget sønnen **Jens** nytt verksted ved Lågenvegen på Vestsida.

Ivar Bræins verksted i sentrum ble bygget rett etter krigen. Selv om bilfaget dominerte virksomheten sterkt, var det likevel stor

bredde over oppdragene der. Her varierte det fra sykkelreparasjoner og konstruksjon av rattkjelker i et krigsårs lagerrom under det nedbrente Samvirkelaget i starten, til reparasjoner av de fleste motordrevne kjøretøy – store anleggsmaskiner iberegna.

I Øyer hadde **Robert Nordstrøm** verksted like syd for Statoilstasjonen. Dette ble senere leid og drevet av **Reidar Lonbakken**, og deretter av **Ola Anseth**.

Øyer Auto ble opprettet i ysteribygningen av **Torger Gillebo** og **Erling Berge**. Dette skjedde sist på 50-tallet, rett etter at meieri-produksjonen hadde opphört.

ELEKTRIKERE

I dette faget virket **Reidar Blomberg**, og han hadde til tider flere montører i arbeid. Virksomheten ble etter hvert overtatt av **Thor Pareli Cock**.

Før utgangen av denne etterkrigsperioden, var også **Sigurd Sundli** etablert i slik virksomhet.

I Øyer drev **Ivar Lognseth** som elektriker.


Moksa Kraftanlegg var utøver av montør-/installasjonsarbeid parallelt med de øvrige.

GRAFISK HÅNDVERK

Kristian Pålsrød var innehaver av **Dale-Gudbrand Trykkeri** på Tretten. Ved starten besto det vesentligste av utstyret av innkjøpte, brukte maskiner, som ble installert i kjelleren i bolighuset hans i Øvregate. Der ble setting gjort for hånd, og alle trykksaker

og blad – deriblant ”**Klokkeklang**” – håndbretta til rett format fram til 1960.

Sønnene **Olav** og **Tormod** overtok bedriften i 1952, og de flyttet snart virksomheten til nybygde trykkerilokaler i stasjonsområdet på Vestsida.



*Dale-Gudbrands Trykkeri i Øvregate.
Tormod Pålsrød (med ryggen til) og Olav Pålsrød ved boktrykkmaskinen.*

REISENDE HÅNDVERKERE

De kom samtidig med vårsola og sommervarmen, men ingen visste riktig hvorfra. Måten de snakket på, skinnjakka og halstørklædet var det samme som tidligere år, like så det lette ganglaget. De oppholdt seg gjerne nede i grusgruva eller ved enden av brua noen dager. Der lagde de, med utrulig ferdighet, ståltrådvisper, kakeformer og børster av hestetagl. Dette skjedde som oftest inne i teltet, mens loddning av takrenner foregikk under åpen himmel.

I motsetning til bygdahåndverkerne, som i regelen ventet til kunden sjøl henvendte seg til dem, dreiv den adresselause håndverkeren oppsøkende virksomhet i bygda. Plutselig sto han på dørhella di og bød fram de fremragende varene sine. En vanlig historie

var at han alt neste dag måtte dra videre, og derfor solgte restbeholdningen av takrenner latterlig billig. Dessuten hadde han ei fin-fin 18 karat lommeklokke han kunne kast-bytte mot ei spekeskinke.

Det sies at det som kjennetegner en fagmann, er at han vet nøyaktig hvor han kan fuske. Ikke minst hadde omflakkende håndverkere ord på seg for å ha store kunnskaper i ymse fag, men og for å misbruke slik vi ten.

Kilder:
Bygdafolk oppi åra.

Jørgen Rybakken:

"Snekring var ting'en"

Jeg er født i 1917, og vokste opp som den eldste av 6 søsknen på Rybakken på Vestsida i Øyer.

Yrkesvalg

Utdanning/opplæring

Som ungutt var det snekring som var ting'en. I vinterhalvåret 1934-35 gikk jeg på snekkerskolen, som var i kjelleren på Vidarheim. Dette var det første året for Den Kommunale Snekkerskolen i Øyer/Tretten. Den ambulerte, og var også i gamlebygningen på Moshus. Der gikk bror min, Ola Rybakken. Under krigen var den på Stav på Tretten.

For meg var dette en lærerik skoletid. Vi hadde en veldig ivrig og flink sløydlærer, Yngvar Kvål fra Trøndelag, og vi lærte mye av hans undervisning.

Arbeid som bygningssnekker

Så ble det bygningssnekkerarbeid. Jeg var med på hyttebygging og forskjellige andre byggearbeider. I 1937 ble jeg kontaktet av byggmester Ivar Bræin. Han spurte om jeg kunne bli med ham på uthusbygging på Hunder gård. Jeg ble tilbuddt en lønn på kr. 0,90 pr. time, men det jeg husker aller best var at han sa: "Du må ta med deg kniv og kaku." Det var bruklig at håndverkerne hadde kosten på gardene den gangen. Vanligvis satt vi da til bords sammen med gardsfolket, men jeg har også opplevd at vi satt ved eget bord, "håndverkerbordet".

I 1941 begynte Karl Bergheim og jeg

snekkerverksted i det gamle garasjebygget ved Tingberg, i øvre enden av uthuset der. Det var trangt om plassen inne på dette verkstedet, så vi plasserte bandsaga utenfor inngangsporten til verkstedet. Det var et takoverbygg over denne. Mange bønder hadde som vane å binde hestene sine der mens de var inne på Tingberg-kafeen etter at mjølka var levert på meieriet. En gang jeg startet saga innenfra (det var bryter inne), hørte jeg et brak ute. Jeg kikket ut og såg en vettskremt hest med kjerre med tomspann på som forsvant sørover. Dette var ett av problemene, og ett av de mange minner fra denne tida.

Etter en tid bygde vi et nytt verksted litt lenger oppe. Der produserte vi dører og vinduer m.m.

Maskinistjobb

I 1944 var maskinistjobben etter Robert Nordstrøm på Øyer Ysteri ledig. Jeg søkte og fikk jobben. Første året fikk jeg kr. 250 pr. måned på egen kost. På slutten ble det kr. 350 pr. måned. Dette var ikke min plass, men jeg var der til 1947.

Selvstendig næringsdrivende

Om våren i 1947 begynte jeg som selvstendig næringsdrivende og tok forskjellige byggeoppdrag. Tegning og planlegging var det også en del av.

Redskap og hjelpemidler

Framkomstmiddlet i begynnelsen var en



Ved cementblanderen. Johan Klævahaugen (bak), og Jostein Øvergård.

gammel tråsykkel. Jeg hadde med meg ryggsekk med niste og redskap. Det var bare handredskap til å begynne med. Lønna var nå kr. 2,50 pr. time.

I 1949 kjøpte jeg en elektrisk motor og lagde en kapp- og kløvsag samt en cementblander av en 200 liters eiketønne. Dette var nok en nødløsning, men det var da brukbart.

I 1951 kjøpte jeg en 1926-modell Chevrolet, åpen 5-seters personbil. Denne brukte jeg slik den var et par år framover, men da tok jeg og bygde den om til en lukket varebil med dør bak. Da ble den mer praktisk i bruk - nå kunne jeg få med meg diverse saker og ting.

I 1953 kjøpte jeg en Gjerde bygningssag, en liten sementblander og en platebåre med gummihjul. Det var nå behov for mer hjelp, så jeg fikk med 2 - 3 mann.

Arbeidsoppgavene

Oppdragene var forskjellige: Det var bygging av driftsbygninger og bolighus, tilbygg, taktekking, pipemuring og alt innen restaurering. Av større oppdrag kan jeg nevne flytting av Gillebo Bortistugun for Johan Thorsrud. Jeg ledet også, sammen med folk fra Riksantikvaren, arbeidet med restaureringen av Øyer Kirke. Dette var en stor og interessant oppgave som begynte tidlig på 1960-tallet.



Garden nederst Bortistugun Gillebo (Thorsrud), flyttet hit etter full utskifting i Gillebo-grenda ca. 1950

Forandringer i yrket i perioden 1945-1965

Når det gjelder boligbygging, var det en riveende utvikling i forbindelse med isolering og innredninger. Før lagde vi kjøkkeninnredninger, klesskap o.l. fast til veggen. Etter hvert fikk vi kjøpt ferdige skapdører etter standard mål, og så ble det bestilt ferdige innredninger fra snekkerverksteder, og senere kom det ferdige kjøkkeninnredninger m.m. i flate pakker direkte fra fabrikk.

Trematerialene var ofte saget på gårdssager, og det var ikke alltid så nøyaktige dimensjoner. Innvendig brukte man som regel faspanel, men etter hvert kom det flere typer tresfiberplater som ble brukt både i golv, veggger og himlinger.

Isolasjonsmaterialene er vel det som har forbedret seg mest, sammenliknet med det som var før.

Da jeg begynte, var det ikke alltid spurt etter kostnader i forbindelse med enkeltoppdrag, men om og når vi kunne begynne på arbeidet. Det var alltid nok av oppdrag, og papirmølla var ikke så stor den gangen som nå.

Dette var forresten en praksis som holdt seg hele denne perioden, og vel så det. I 1966-67 ble Testingsstasjonen for Norsk Rødt Fe (NRF) bygget på Strømshugguet i Øyer. Det var et stort arbeid som pågikk et par år. Før jeg begynte på dette arbeidet, hadde jeg bare en muntlig forespørsel fra direktør Bekkedal i NRF om jeg kunne utføre oppdraget. Dette svarte jeg ja på, og det ble utført uten at det forelå noen skriftlig kontrakt. Det samme skjedde ved neste oppdrag, som ble bygging av Bruvoll Sag og Høvleri på Strøms eiendom på Rabben i Øyer.

I begynnelsen hadde jeg heller ikke telefon. Etter at vi hadde flyttet til Strømsveien - der som vi nå bor - ringte folk til Johnsgaard (Vestheim) for å få tak i meg. Derfra gikk de da med bud.

I hele denne perioden hadde vi lange arbeidsdager og ingen frilørdag. Eneste fridagen var søndag. Etter at vi fikk egen telefon i 1966, ble den flittig brukt på søndagene, for da visste folk at jeg var å treffe. Etter hvert reiste vi ofte bort den dagen for å få litt fritid.



*Testingsstasjonen for Norsk Rødt Fe (NRF),
Øyer, begynner å ta form.*



Passiar etter arbeidstid.

Gunnar B. Styve:

Skulen (1945–1965)

Tidbolken frå 1945 til 1965 er ein tidbolt med svært mange omskifte, ikkje minst når det gjeld skulestellet. Krigsåra var ein "unnatakstilstand", då skulen hangla og gjekk med dei mange problem situasjonen hadde skapt. Skulen måtte gå. Undervisninga måtte halde fram. "Krigsgenerasjonen" hadde 5 av 7 skuleår av folkeskulen under krigen. Lærarane måtte gjera arbeidet sitt gjennom dagar med ytre og indre spenningar.

Gjennom dei lange krigsåra vart skulehus, inventar, utstyr og undervisningsmiddel nedslitne og ubrukelege. Lite eller ingen ting nytt var å få.

Like før krigen – i 1936 - kom den nye lova for folkeskulen. I 1939 kom Normalplanen, både for by- og landsfolkeskulen. Men krigen gjorde det umogleg å gjennomföra intensjonane i lov og plan. Det var difor kolossale utfordringar som venta både sentrale og lokale skulepolitikarar då arbeidet med å skapa ei ny skuleordning tok til våren 1945.

Ser ein landet under eitt, har dei fleste landkommunar gjennom desse 20 åra utvikla skulestellet sitt etter ein "modell" som har vori nokolunde lik, med lokale variasjonar. Dette har vori målretta politikk, og gjeld også for Øyer som kommune.

Frå skuletilhøve der geografi og økonomi ofte skapte store skilnader, har den ofentlege skulen utvikla seg frå 3-dagars skuleveke gjennom 7 år til den 9-årige skulen for alle born i landet. Ideen bak denne planen og den praktiske gjennomföringa av han, var "einskapskuletanken" - sjølve grunntanken i den politikken som vart drøfta alt i 30-åra, men som først vart vidareført etter krigen.

På det lokale plan ser ein denne prosessen gjennom utviding av undervisningstida, utvida fagtilbod, m.a. praktiske fag og språkfag, sentralisering av fag, årskull eller heile skular, og med det nedlegging av skulekrinsar, utvikling av framhaldsskulen osv.

Den politikken som har vori rettesnor for utviklinga av skuleverket etter krigen, vart det lagt grunnlag for alt i fellesprogrammet for dei politiske partia framfor Stortingsvalet i 1945. Her heiter det m.a.: "Hele skolevesenet må samordnes så alle de enkelte ledd fra grunnskolen til den høyeste undervisning går naturlig over i hverandre enten det gjelder praktiske eller boklige skoleformer." Dette punktet var viktig då Samordningsnemnda for skuleverket vart oppnemnt i 1947. Hovudpunktet i mandatet for denne nemnda tok sikte på utbygging av dei einskilde skuleslag frå folkeskulen og oppover, dessutan lærarutdanninga og skuleadministrasjonen. Fram til 1952 leverte nemnda 19 tilrådingar om kva som burde gjerast for å styrkja og betra skuleverket og skuleordninga.

Denne artikkelen som omfattar tidbolken frå 1945 til 1965, vil peika på nokre liner i eit bilet som vi kan kalla "Skulen i Øyer i 20 år". Biletet har mange detaljar, mange

flere enn ein kan peika på her. Nokre viktige punkt kunne ha vori emne for ein heil artikkkel.

Skular og skulekrinsar

Etter lova kunne det ikkje vera skulekrinsar med mindre enn 6 elevar. Men det er interessant å leggja merke til korleis lova av 1936 var laga ut frå omsyn til ein busetnad og eit levevis som ligg langt frå vår tid. Det heiter m.a.: "Heimar som ligg avsides og har få born, så det ikkje er rimeleg å gjera dei til ein serskild skulekrins, skal leggjast til den krinsen i heradet som ligg mest lagleg til for skulegonga."

På det andre møtet i skulestyret etter krigen, den 9.6. -45, blir klassedelinga for kommande skule-år fastset slik:

a. Aurvoll skule med	112	elevar er	7-delt
b. Dulven skule med	42	" "	3-"
c. Engelund skule med	31	" "	3-"
d. Solvang og			
Jutulstad småskule	90	" "	4-"
e. Vestlund skule med	17	" "	2-"
f. Vidarheim,Bekken og Klokkargarden	64	" "	4-"
g. Vik skule med	25	" "	2-"

På denne lista er ikkje Torsheim skule nemnd, men det ser ut til at skulen på denne tida var rekna saman med Engelund. Inndeilinga av skulekrinsar var fastsett i ei tid då ein måtte ta omsyn til veg og lengde på ein annan måte enn i dag. Skuleborna skulle ta seg fram og attende - i dei fleste tilfelle til fots. Avstanden mellom heim og skulestad var difor avgjerande.

Etter krigen kom det nye krav til skulen. Lesetida måtte aukast. Nye fag skulle inn og utvidast. Det førde til at dei små skulane ikkje lenger kunne gjennomføra undervisninga i samsvar med dei nye forventninga-


ne. Fag og/eller elevgrupper kunne sentraliseraust til større skular. Men minkande elevtal i utkantstrøka førde og til at kommunar ikkje såg det økonomisk forsvarleg å driva dei små skulane. Innbyggjarane i slike grender opplevde ofte kravet om sentralisering som eit trugsmål mot sin eigen identitet og eksistens.

Grendeskulen var eit samlingspunkt. Skulen knytte folk saman gjennom elevane, men og gjennom tilstellingar på store dagar i året, gjennom møte, lokale festar, basarar og andre samkomer. Det er ikkje rart at grendemiljø mange stader i landet opplevde nedlegging av skulen som noko svært vondt.

Som i dei fleste bygder i Norge på denne tida, vart også Øyer "offer" for denne utviklinga, utan at ein kan seia at det vart dei store stormane ut av det.

Småskulen på Jutulstad var den første skulen som vart borte på det gamle skulekartet. På Jutulstad hadde det vori skule i godt og vel 60 år. Men då det vart att berre 4 elevar, gjorde skulestyrt vedtak om å seia opp leigeavtalen på Jutulstad og overføra elevane til Solvang frå hausten 1960. Den 3.11.-60 hadde skulestyret møte på Jutulstad, og protokollen seier: "Etter at Jutulstad er nedlagt, vil skulestyret gjerne få markere si takksemd til folka på Jutulstad som har leigt ut skulestova gjennom lange tider og alltid stelt godt med både born og lærarar."

Klokkargarden i Øyer var frå gammalt disponert av departementet, men det var kommunen som åtte husa. Klokkargarden hadde ved sida av husvære for klokkaren også klasserom for Vidarheim krins gjennom lange tider. I 1955 freista skulestyret å leggja ned skulen i Klokkargarden og samstundes Bekken småskule. Men ved røysting i krinsen var det ingen som var samd med



Vik skole ved 100-årsjubileet i 1960

skulestyret i denne saka, og både desse skulane vart haldne oppe inntil dei nye krinsgrensene var vedtekne i samband med overgang til 9-årig skule. Husa i Klokkgarden med høveleg tomt vart seinare selt til Aslaug og Rolf Tellander. Han var da klokkar.

Kva det har hatt å sei for skuleborn å ha klasserom i same hus som ein familie, kan nok berre dei fortelja som har opplevd det. Men det er sikkert at ein god del ekstra omgang har vori utdelt med rund hand ved sida av det faglege. Det same kan ein sia om skulen og skulegarden på Dulven der Petra og Ingvar Hylen var lærarfolk, og i Vik der Marie og Einar Høistad virka den siste generasjonen. Vik vart nedlagt som skule i 1962, og elevane vart då overførde til Aurvoll.

Både på Jutulstad, i Klokkgarden, på Dulven og i Vik var det eit levande miljø med folk og dyr og arbeid med jorda rundt skulen. Slik var skulen i gamle dagar da det var omgangsskule. Det er eit interessant spørsmål om kva skulen tapte - ved sida av framstega - ved overgang frå omgangsskule til fastskule.

Torsheim på Sør-Tretten vart også ned-

lagt som småskulekrins på same tid som Bekken og Klokkgarden. Dei største barneskulane, Aurvoll, Vidarheim og Solvang, fekk eit tvingande behov for utbygging og rehabilitering ved overgang til 9-årig skule.

Då kommunen sökte om å få innføra 9-årig skule frå 1965, hadde ein gjennomført ny krinsordning i kommunen. Skulekartet såg da slik ut:

Øyer ungdomsskule	
Solvang med Vestlund småskule	6-delt
Vidarheim	4-delt
Aurvoll med Engelund	
og Dulven småskular	6-delt

Skuleår, timetal og lesetid.

Fram til 1959 hadde folkeskulen i byane og på landet ulike lover. I det ytre ser ein klärrast skilnaden på by- og landsfolkeskulen på lesetida, dvs. summen av den tida elevene hadde undervisning i året. Ein reknar med at minstelesetida på landet var omlag 65 % av minstelesetida i byane. Ute på bygda var dei fådelte skulane den mest vanlige skuleforma. Med fleire årskull i same klasserom var den pedagogiske tilrettelegginga for den einskilde eleven ikkje minst krevjande. Men i tillegg må det seiast at elevar i fådelte skular i mange høve måtte læra seg å bli både sjølvstendige og ta omsyn til andre.

I positiv lei hadde landsfolkeskulen oftest færre elevar pr. klasse, og elevane fekk vanlegvis meir heimearbeid. Landsungdom som sökte vidaregåande skular, greidde seg som regel godt.



Torsheim skule 1959

Etter krigen såg skulepolitikarane det som ei av dei største utfordringane å arbeida for ei utjamning av skilnaden mellom by- og landsfolkeskulen.

Med utgangspunkt i "Tilråding frå Samordningsnemnda for skuleverket" sende Øyer lærarlag ei oppfordring til skulestyret i Øyer om at lesetida i landsfolkeskulen måtte au-kast, og at dei praktiske faga måtte bli tilgo-desett, og helst lagde inn i den daglege ti-meplanen. Dei praktiske faga var eit for-sømt kapittel i landsfolkeskulen, kanskje ut frå den tanken at born på landsbygda, både gutar og jenter, hadde praktisk røynsle frå dagleglivet.

Det skulle likevel gå lang tid før lærarlaget sine ynskje vart oppfylte - sjølv om skulestyret var samd. All utviding av skuletida krev økonomiske utteljingar og godvilje frå heradsstyret.

Det går i det heile seint med endringar i skuleverket den første tida etter krigen. Også foreldra synest det går seint. Frå foreldre-møte på Aurvoll kjem det brev til skulestyret både i 1952, i 1953 og i 1954 med opp-moding om at lesetida i folkeskulen må bli auka. Foreldra vil ha auka lesetida med 2 veker, og så snart som mogleg ha utvida le-setida frå 3 til 4 dagar i veka. Skulestyret bestemmer i 1953 å leggja saka til sides til "riksstyret" kjem med framlegg om auking av lesetida. I 1954 gjer skulestyret vedtak om å leggja saka fram til uttale på krinsmø-te før ho blir send til heradsstyret.

I 1955 kom den nye lova om folke- og framhaldsskulen. Denne lova var eit viktig steg i retning av å jamne ut skilnaden mel-lom by- og landsfolkeskulen. I møte 26.1.1956 gav skuledirektøren ei kort ut-greiling om dei viktigaste endringane. Skulestyret valde ei nemnd for å koma med ei

innstilling om utviding av lesetida, og dessutan ei plan for hjelpeopplæring. Etter denne innstillinga gjer skulestyret den 8.3.1956 vedtak om å tilrå for heradsstyret at lesetida i storskulen blir auka til 20 veker pr. klasse, og i småskulen til 18 veker pr. klasse for skulekrinsane Solvang, Vidarheim, Aurvoll og Dulven. Dei 2-delte skulane hadde fått auka lesetid tidlegare.

Ferie og fridagar

At born på landsbygda var med i arbeidslivet i det lokale miljøet, har vori sjølvsgått og nødvendig frå gammalt. Med skulegonge annankvar dag og eit etter måten kort skuleår, kunne born gjera god nytte for seg den tida dei var heime. Kor langt attende skulen fastsette slike fridagar til hjelp i onnene, er ikkje godt å seia, men etter krigen og langt inn i vår tid har uttrykk som ”potetferie” og ”potefri” vori vanleg. ”Haustonnferie” er eit anna uttrykk som er brukt, og også ”våronnferie”. Den 8.9.-46 seier Øyer skulestyre: Skulestyret gir læraren i storskulen i kvar krets saman med tilsynsnemnda fullmakt til å setja fast haustonnferie ved sin skule inntil 6 dagar i storskulen.”

Denne veka med arbeid heime eller annan stad var ikkje rekna som skuledagar. I 1949 heiter det: Potetferien hausten 1948 blir å skule oppatt.” Og for skuleåret 1949-50 heiter det: ”Elevane i storskulen får fri ei veke for å hjelpe til med innhaustinga i haust. Tida blir å skule oppatt seinare.”

I desse to vedtaka frå skulestyret ser vi det er brukt eit verb som no er heilt utdøydd: *å skule!*

Fag og timetilbod

Landsskulelova av 1936 sette opp desse ”læreemna”:

I småskulen: Kristendomskunnskap, norsk, rekning, skriving, teikning, song og heimbygdskunnskap med teikning. Kvar dag

skal nokre stunder nyttast til kroppsøving.

I storskulen: Kristendomskunnskap, norsk, rekning, skriving, teikning, song, landkunne, soge med samfunnslære og med rettleiing om det som er gjort for fred og skynsemd mellom folka, naturkunne med helselære, og med opplæring om korleis tobakken og rusdrykken verkar, og kva fører dei fører med seg, kroppsøving og handarbeid –”

Når det i lova står: ”-når skulestyret så fastset” viser det at det var stor slingringssmon for skulestyret, alt etter kva den ein-skilde kommune makta å få i gang. Slik sett kunne det vera stor skilnad frå kommune til kommune.

Likevel var lova av 1936 noko heilt nytt i høve til tidlegare skulelover. Eit grunnlag for lova av 1936 var at det skulle utarbeidast normalplan med bindande planar og timefordelingstabellar med minstekrav i dei ulike faga.

Eit hovudprinsipp i Normalplanen var det som blir kalla ”arbeidsskuleprinsippet”. Det blir peika på at tidlegare undervisningsplanar har lagt hovudvekta på å gå gjennom lekser, læra lekser og overhøyra lekser. Planen viser til granskningar som slår fast at det etter måten sit lite att av slikt lærestoff etter ei tid. Normalplanen av 1939 tek sikte på å gjennomføra arbeidsskuleprinsippet, det sjølvstendige arbeidet og elevaktivitetene sitt prinsipp.

Å læra ved å gjera, vart sjølvsgått eit prinsipp som stilte pedagogiske krav til den ein-skilde læraren gjennom ulike fag. I ein landsens grendeskule med pultar, kateter og ei gamal tavle og ofte lite anna utstyr, skulle ein ha god fantasi og oppfinnarevne for å variera undervisninga.

Problema som lærarane møtte i udelte og fådelte skular, var mange og store. Den ein-skilde lærar måtte ofte løysa dei åleine, eller

gjennom prøving og feiling. Ei "handbok" for lærarar i slike skular som kom ut i 1948, "Arbeidsmåten i landsfolkeskulen", på 542 sider, prøver å visa korleis ein kunne leggja opp undervisninga i ulike fag i dei ulike typar fådelte skular. Men mange lærarar opplevde at trass i gode råd frå andre, måtte ein finna sin eigen måte å gjera ting på.

Sløyd- og handarbeidsundervisninga vart etterkvart gjennomført på den måten at ein rydda plass i skulen på slutten av skuleåret til eit 2 vekers kurs i klasserom eller kjellar. Å driva gymnastikk ved sida av pulten har mange vaksne opplevd, og om vinteren var det greitt å bruka ski på skulen, for dei som var så heldige at dei hadde ski - ikkje alle hadde det.

I 1956 bed Øyer skoleidrettsråd om at skulestyret gjer vedtak om at det skal vera ski- og idrettstevlingar om skjold. Skulestyret gjorde vedtak om at ordninga med skjold skulle halda fram, men at det skulle vera fri-viljig deltaking. Dette siste var sikkert mange elevar glade for, dersom det vart gjennomført. Mange tidlegare elevar har nok vonde kjensler i samband med slike idrettstevlingar fordi dei ikkje hadde utstyr.

Øyer kommunale idrettsråd kjem i 1957 med ei tilråding til skulestyret om utbygging av idrettsanlegg ved skulane i Øyer, m.a. ved utbetring av leikeplassen ved Viddarheim. Litt prøvde ein å gjennomføra ut frå lokale tilhøve. I 1947 arrangerte skulestyret symjekurs på 6 dagar for elevane i storskulen, og etter eit liknande kurs året etter, seier rapporten at av 83 elevar lærde 18 å symja, 28 kunne det frå før. Lærar var Ivar Hylen. Nytt kurs vart planlagt for dei to fylgjande åra.

På 1950-talet vart kravet om "forplantningslære" aktualisert. Ut frå utviklinga i samfunnet var spørsmålet drøfta om det ikkje var på tide at born og ungdom etter kvart fekk sunn og sakleg seksualkunnskap, og

om det ikkje burde vera skulen si oppgåve å ta seg av dette.

Dette var nytt, - så nytt at ein ikkje skal undrast over at både skulestyret og lærarane kjende seg usikre og famlande. I referata frå skulestyret blir denne undervisninga kalla "økslingslære åt manneætta".

Eit mindretal i skulestyret ville utsetja saka, men det vart likevel valt ei nemnd til å koma med framlegg til skulestyret. Den 5.2.-52 blir ein plan for opplæringa, formulert i 9 punkt, vedteken med 12 mot 2 røyster. Faget er i dette vedtaket kalla "Foreldre-kunnskap".

Uttrykket "Foreldre-kunnskap" peikar faktisk framover mot den nye skulelova som kom i 1959. Etter denne lova skal faget "heimkunnskap" innførast i alle skular snarast råd er. Det skal vera eit fag både i by og på land for både gutter og jenter. Heimkunnskap er noko meir enn heimstadlære, og meir enn husstell og skulekjøkken. Det skal innehalda også slike praktiske gjeremål, men også kunna vera eit fag der andre fagområde kan trekkjast inn, som handarbeid, teikning og rekning. Men faget skal ikkje berre gje praktisk dugleik, men også vera med på å skapa gode og positive haldningar hjå elevane til heimen og familien, og gjera dei samarbeidsviljuge og ansvarsbevisste.

Utstyr og materiell

Det er lett å seia at skulen i tidlegare tider var fattigsleg utstyrt på mange vis i høve til no. Men same kor sant det kan vera, er det eit dårleg samanlikningsgrunnlag, fordi ein må sjå ting i samanheng med den tida ting- en eksisterer i. Det er difor meir interessant å sjå korleis ting har vaksi fram, og korleis ting har endra seg - til det betre eller verre.

Budsjettfralemmet som Øyer skulestyre sette opp for 1947-48 hadde ei brutto utgift på kr 74.833,99. Av dette var kr 4.000,- sett opp til "Læremidler til samla bruk", ein sum

dei ulike skulane kunne nytta seg av etter søknad til skulestyret. Det var derfor ein omstendelig prosess å få kjøpt inn nødvendige ting til skulane.

Etter krigen kom Skulekringkastinga. Gjennom radioen kunne ein nå få eit nytt, aktiviserande og svært kjærkomi undervisningstilbod i ulike fag. I 1946 drøfta skulestyret eit skriv frå Norsk rikskringkasting om å skaffa radiomottakarar til skulane. Skulestyret er samde om å sokja kommune-styret om ei forskottsløyving til innkjøp av 4 radiomottakarar fordelt på kvart sokn. Året etter bestemmer skulestyret å kjøpa inn programhefte for skulekringkastinga til ele-vane i "største" klasse.

Men då det kjem tilbod om å kjøpa eit 16 mm filmapparat, finn ikkje skulestyret råd til dette. Men saka kjem oppatt i 1952 då Øyer folkeopplysningsråd innbyr til å teik-

na aksjar til eit filmapparat saman med ymse lag i bygda. Saka blir utsett til ein får greie på kostnaden, men det fører til at ein får oppretta eit fond for dette føremålet. I 1956 blir det løyvd kr 1.268,81 til innkjøp av filmapparat. I 1958 sender Øyer lærarlag eit skriv til skulestyret og bed om at det blir kjøpt " – eit balloptikon til quart sokn. Apparata blir å bruka etter semje mellom lærarane ved folkeskulane."

På denne tida har likevel ting utvikla seg innan læremiddelindustrien, og balloptikon er blitt noko "gamaldags". Kort tid etter bed lærarlaget skulestyret om å kjøpa inn 1 magnetofon (lydbandopptakar) og 1 filmstripsframvisar til bruk ved skulane. Framlegget om kjøp av 2 balloptikon blir trekt attende inntil vidare. Filmstrips eller bilet-band var ein av dei store tinga på denne tida – lysbiletsariar innan ulike fag som var opp-



4. og 5. klasse, Vidarheim 1952-53.

1. rekke f.v.: Arne Dahl, Kari Skarpsjordet, Bjørg Olstad, Karina Dahl, Liv Dalbu, lærar Olav Turtum-øygard, Karin Manengen, Eva Odden, Marit Skarpsjordet, Ola Bergheim.
2. rekke f.v.: Arne Joten, Anne Marie Hagen, Anne Marie Klypen, Gunda Bø, Kari Skard, Kari Solberg, Kjellaug Bollviken, Arne Finborud.

bygde på ein pedagogisk og aktiviserande måte.

Ja, det var kanskje fattigsleg i "den gamle skulen"? Eit vedtak frå 25.5.-47 kan nes ten få oss til å smila, men kanskje også gje ettertanke når ein i dag drøftar kor mange PC-ar ein skule eller klasse skal ha. Skulestyret gjorde dette vedtaket i 1947: "Trillebårer med gummihjul blir å kjøpe inn til kvar av storskulan i bygda, 10 mot 2 røyster som røysta for at kretsane skulle skaffe kvar si trillebår."

Etter kvart vart sjølvsagt løyvingane auka til lærermiddel og utstyr, både kommunale og statlege. Då statstilskotet vart tildelt etter samla timetal, ikkje ut frå ei øvre grense, kunne postane disponerast ved dei ulike skulanane i større grad enn før. Fritt skulemateriell vart rekna ut for kvar elev. I 1950 kunne ein bruke kr 11,- pr elev i småskulen og kr 20,- pr elev i storskulen til fritt skulemateriell. Desse summane heldt seg til 1955 då dei vart auka til kr 13,- for kvar elev i småskulen og kr 22,- i storskulen. Tilsvarende summar i 1959 var kr 19,- og kr 30,-

Det daglege livet på skulen

Om ein spør korleis skuledagen var i Øyer på 50-talet, vil ein kunne svara at det var det tilvante, det trygge og oversiktlege som var det typiske. Både elevar, lærarar og foreldre visste kva som ville koma, stort sett. Det uvante, dei brå kasta var unnatak. Elevane gjekk på skule annankvar dag: mandag, onsdag og fredag, eller tysdag, torsdag og laurdag. Å gå på skulen, og å koma på skulen i rett tid, var sjølvsagt. Ein måtte ha god grunn til å bryta den regelen. Når timen tok til, kom læraren - eller ein av lærarane når det var fleire på skulen - ut på trappa og ringde med ei bjølle. Elevane stilte opp i rekke, og på signal gjekk dei inn, "stille og fint". Om morgonen var det vanleg å syngja eit salmevers som ein kunne utanåt. Det var

også vanleg å lesa Fadervår. Når læraren sa i frå, sette elevane seg, og timen kunne ta til. I lang tid var nok timeplanen på dei fleste skulanane nokså lik og "fasttømra" med kristendomskunnskap fyrste timen, rekning (ein kalla det ikkje matematikk den gongen) i andre timen, og så kunne det vera soge eller geografi eller andre fag i timane som kom etterpå. Det vanlege var både å gje og høyra lekser, både i skriftlege og muntlege fag. Det vanlege var klasseundervisning med eit nokså magert arsenal av hjelpemiddel: nokre kart, nokre plansjer, kanskje ein globus, kanskje nokre klassesett av bøker osv. Tavla og krittet har vori det viktigaste lærermiddelet for mange, kanskje for dei fleste lærarar. Det var nok fritt skulemateriell, men ut frå eit magert skulebudsjett, måtte ein spara. På lesebøker og andre lærebøker var det obligatorisk med varebind, og bøkene gjekk i arv så lenge dei hekk i hop.

Ein må ikkje gløyma skuleboksamlinga og kva den har hatt å seia for mange elevar - serleg for dei som likte å lesa. Kvar skule skulle ha si skuleboksamling - om skulen var stor eller liten. Det var ikkje alltid så mange utlånsbøker, men mange var reine perler som vart lesne opp att og opp att. Eit "samstyre" oppnemnt av skulestyret var bundelegg mellom Biblioteksentralen og skulanane, og det formidla bokynskje og boktingingar i samsvar med kommunale og statlege løyvingar.

Bokutlån - kanskje siste timen før sundagen - ei kriblende kjensle av å stå med ei ny bok i handa! Lukkeleg den som kunne gøyma seg heime i omnskroken eller ein annan stad der ein fekk vera i fred! Lukt av fersk trykksverte - kanskje ei ny bok med illustrasjonar - ein veg inn til fantasi og draum, ei spanande oppleving for mange, minst like stor som eit nytt dataspel for dagens unge.

På skular der det var fleire lærarar, var det ofte eit nokså fast innarbeidd fagforde-

lingssystem på tvers av klassane. Men småskulen, frå 1. til 3. klasse, var det "lærarinna" som tok seg av - om ikkje andre ting tvinga brot på dette systemet.

I friminutta var det leik av ymse slag, guttar og jenter i lag. "Slå rotte" var ein populær ball-leik, og har vori det i generasjonar. "Krigsball" var også vanleg, og ulike former for ringleikar. Mange lærarar var flinke til å delta i leikane, men det var ikkje nokon fast inspeksjon av lærar i friminutta. Det var ikkje nødvendig.

Dei siste 14 dagane av skuleåret var det sløyd for gutane og handarbeid for jentene, og det var gildt. Og juletrefesten var eit høgdepunkt i skuleåret. Han var som regel hal-

den 3. dag jul. Med juletre og gang rundt julestreet, framføring av innovd program, mat og sjokolade og ungar i sin beste stas, var det ei triveleg samling både for born, foreldre og andre i grenda. Lærarane kunne dele på å leie slike samkomer.

17. mai var den andre store festdagen i skuleåret, der både elevar og lærarar møtte opp til tog og andre ting som høyrd til den dagen. Det ein ikkje tenkjer på i dag, er at 17. mai inntil 1947 var ein vanleg kvardag - og ikkje alle foreldre hadde høve til å ta del i festen slik som det er vanleg no.

Hagestell var eit fast innslag på timeplanen for dei øvste klassane om våren. Elevane skulle læra å dyrke grønsaker heime på



Engelund skule, småskulen 1959-60.

Ståande bak: Liv Bjerke, Marit Sustad, Asgeir Rotåshagen, Inge Johnsgård. Framfor på huk: Odd Bjerke, Arne Slettmo, Anne Grethe Bjørneset, Torbjørg Johnsgård, Else Neråsen, Janna Glomstad. Engelund skule – som Dulven og Vestlund – vart nedlagt i to etappar: Storskulen i 1964 og småskulen i 1967

eiga hand. Ved skulen vart eit lite jordstykke spadd opp som ”demonstrasjonsfelt”, og heradsagronomen, Tord Kvitrud, leidde gjerne denne demonstrasjonen. Så skulle clcvanc ha sitt eige grønsaksfelt på 25-30 kvm. heime. Dei som ikkje hadde jord, fekk gjerne ein flekk å bruke på nærmeste gard. Frø og kålplanter fekk dei på skulen, og lærarane såg om elevane og skulehagen deira ein gong om sommaren. Om hausten var det utstilling av produkta, med premiar til dei beste. Premiane var frukttre og bærbusker. Det vart slutt med skulehagane sist på 50-talet.

Skogplanting var eit anna innslag av aktiviserande naturfagundervisning, også for dei øvste klassane. Ein eller fleire klassar kunne få tildelt eit felt i skogen på ein gard der det skulle plantast granplanter. Det vanlege var at gutane hakka plantehol, og jente-ne planta. I fint ver og triveleg lende, kunne slike dagar vera kjærkomen avveksling frå ei lang rekke skuledagar, serleg om elevane fekk traktering på garden etterpå.

Skuleordning og lærarpostar.

Som alt nemnt, var det skulelova av 1936 som framleis var gjeldande i 1945. Folkeskulen skulle ordnast i to ”høgder”: småskulen for born frå 7 til 10 år, og storskulen frå 10 til 14 år.

Sjølv om skuletida etter kvart vart utvida for både ”høgdene”, hadde småskulen heile tida kortare undervisningstid enn storskulen. Når skulestyret utlyste lærarpostar, fekk dette konsekvensar for den einskilde lærar. Ein lærarpost vart avløna i høve til timetalet på posten. Postane var gjerne utlyste som ”småskulepost” eller ”storskulepost”, eller ein post vart utlyst i høve til den krinsen som trond lærar.

Når det - som i Øyer - var fleire krinsar som var småskulekrinsar, vart gjerne to sli-

ke slegne saman til ein lærarpost. Difor kunne det heita, som i protokollen for 1946: ”Tilsetjing av lærarane i Klokkgarden - Jutulstad småskulekrinsar”. Med skule anankvar dag, vart det å ta føtene fatt frå den eine krinsen til den andre. Med ein vegstandard som er utenkjeleg i dag, kunne det vera strevsamt. Protokollen uttrykkjer dette under tilsetjing av lærar i ” - småskulepost Torsheim - Engelund”. Der står det m.a.: ”Posten er tung med over ein time å gå mellom skulane mest utan veg” Korleis det var å ta seg fram vinters dag med mykje snø, kan ein mest tenkja seg.

Det står ingen ting i lova, men i praksis viste det seg at det var dei kvinnelege lærarane - ”lærarinne” som - nesten utan unntak - fekk tildelt småskulepostane. Det er grunn til å stilla fleire spørsmål ved denne praksisen - utan at ein her skal prøva å gje noko fullgodt svar. Men det var kanskje ei nedarva tru her som i andre samanhengar - at kvinner passar best til å stelle med små born, medan mennene, dei mannlige lærarane, måtte ta seg av dei ”tunge” og ”viktige” faga i ”storskulen”. Når uttrykket ”småskulepost” blir erstatta med ”lærarinnepost” i protokollen for skulestyret, kan ein seia at denne tanken er formalisert gjennom offentlege vedtak. Den 12.8. -46 heiter det: ”Etter ny utlysing av lærarinneposten Engelund - Torsheim -”, og den 4.10. same året: ”Skulestyret gjorde vedtak om at lærarinneposten Klokkgarden - Jutulstad i Øyer blir kunngjort ledig ”.

Praksis kan skapa tradisjon, og tradisjon kan skapa haldningar og fordomar. Ei sak i skulestyret viser at ikkje berre skulestyret, men og i lærarkolleget kunne det vera tankar og meiningar som i dag ville ha vorte stempla som diskriminerande når dei kom til uttrykk. Skulestyreprotokollen for 2.7.-51 seier: ”Skriv frå Øyer lærarlag om høve for lærarinne til å fylgja elevane i eitt eller

fleire fag, også teoretiske, frå 1. til 7. klasse. Skulestyret gjorde slikt samråystes vedtak: "Skulestyret har ikkje noko i mot at lærarinnar kan fylgja elevane i eitt eller fleire fag heilt fram til 7. klasse når lærarpersonalet ved skulen blir samde om det."

I tileggslova frå 1954 og i Lov om folkeskulen av 1959, blir kravet om å lysa ut heile lærarstillingar innskjerpa. Det førde til at skuleadministrasjonen måtte sjå meir på heile undervisningssituasjonen i kommunen og på skulan under eitt.

Lærarbustad, vaktmeisterbustad og lærarjord

Fleire av skulekrinsane i Øyer har frå gammalt hatt hus og jord til lærarposten. Heilt til på 50-60-talet var dette aktuelt. Der læraren også var klokkar, var det sjølvsagt med jordveg, slik som "Klokkgardane" i Øyer og på Tretten.

Lova av 1936 slår fast at når det ikkje var lagt husvære til ein heil lærarpost, skulle læraren ha eit husleigevederlag etter retningslinjer fastsett av Stortinget. Dette vederlaget var kalla "avsavnsgodtgjørelse". Lova gjev også retningslinjer for jordveg og jordleige tillagt ein lærarpost. Frå gammalt var det vanleg utover landet at ein lærar som vart tilsett i ein heil lærarpost, kom til både hus og jord.

Budsjettframleggget for 1947-48 innehold 6 ulike postar som "vederlag for jord" og nokre andre postar som "vederlag for hus". Dette var det vanlege heilt fram på 50-talet da fleire av dei som hadde meir enn "hagejord", søkte skulestyret om løyve til å leige bort jorda. Frå 1948 gjekk lærarane over på Statens lønsregulativ.

Det å drive skule der ein har heimen sin, og attåt drive gard, må ha vori – ikkje berre ein spesiell situasjon – men eit livsmønster som vi i dag har vanskeleg for å setja oss inn

i. Det får ein til å tenkja på skulen i riktig gamle dagar - eit stykke kulturhistorie som har halde seg heilt til i 60-åra. Det var 4 skule- og klokkgardar i Øyer: Dulven, Vik, Solberg skulegard og Klokkgarden i Øyer. Gustav Myhren som var lærar på Vestlund i 33 år, åtte sin eigen vesle gard – like ved skulen. Lenger attende har fleire lærarar i kommunen ått og drivi eige gardsbruk.

Marie og Einar Høistad dreiv garden i Vik i 23 år, fortel Marie Høistad. Einar kom til Vik i 1936, og Marie i 1939 då dei gifta seg. I fjøset hadde dei 4-5 kyr, kalvar, grisar og høner. Sjølvsagt hadde lærarane lang sommarferie den tida, men det var mykje arbeid også vår og haust, fortel Marie.

Klokkgarden i Øyer var nok "attgjevi prestegardsjord", men Dulven vart kjøpt som skulegard i 1861, Solberg skulegard i 1866 og Vik i 1872, fortel Tor Ile i Bygdaboka.

Både Solvang og Vidarheim hadde to husvære for lærarar i 2. høgda i skulebygningen, og både Vestlund, Dulven, Vik og Engelund hadde bustad for læraren i same huset som skulen heldt til. I 3. høgda på



Pedellbustad på Aurvoll. Vidarheim og Solvang hadde maken bustader.

Aurvoll var det også ein bustad. Tre skular: Solvang, Vidarheim og Aurvoll, hadde også eigen, frittståande bustad for vaktmeister.

Skulestyret har hatt stort ansvar og mykje arbeid med å skaffe hus – og i nokre tilfelle jord - til lærarar i bygda gjennom tida, viser protokollane. Heilt fram til på 60-talet har dette vori saker som har vori oppe gong på gong, ikkje minst i førebuinga til innføring av 9-årig skule. På den tida var det klårt at kommunen ville få ein stor auke i lærarstabben, og skulestyret tok dette alvorleg. I 1964 vart det bygd ein lærarbustad på Tretten og to i Øyer. Dei er seinare selde til lærarar i kommunen.

Styring og stell

Den 25.5.1945 vart det nyvalde skulestyret i Øyer etter krigen konstituert. Paul Rusten vart vald til formann, og Ingvar Hylen til nestformann. Møteboka har desse underskriftene: Ingv. Hylen, Paul Rusten, Emil Stein, John Nerli, Erling Jevne, Magnus Bleka, Kristian Hagen, Lene Strangstad, Anna Enge.

I protokollen frå same møtet står det: "Formannen Paul Rusten helste medlemene velkomne til arbeidet i skulestyret med husbondsretten i styre og stell." Om ein med "husbondsretten" forstår retten til å delta i samfunnsutviklinga gjennom demokratiske organ og verkemiddel, så var denne retten nedfelt i skulelova av 1936 – ei lov som også var gjeldande i 1945 der det heiter: "Skulestyret skal styra folkeskulane i heradet i samhøve med føresegnene i denne lova og med dei vedtaka som heradstyret gjer etter lova. Det skal også styra framhaldsskulane og arbeidsskulane til kommunen om ikkje anna er fastsett."

Med skulelova av 1959 vart det store endringar i administrative tilhøve. Kvar skule skulle framleis ha tilsynsnemnd, men det var ikkje lengre sjølv sagt at den som skule-

styret valde inn i nemnda, skulle vera formann eller leiar i nemnda. Nytt var det også at ein av lærarane ved skulen skulle vera medlem av tilsynsnemnda. Likeså at lærarane ved ein skule skal ha lærarråd, og lærarane i kommunen skal ha skuleråd. Leiaren for skulerådet fekk møte- og uttalerett i skulestyret, og erstatta slik den tidlegare representanten for lærarane/lærarinne. Men leiaren for skulerådet hadde ikkje stemmehett i skulestyret. Det fyrste skulerådet i Øyer vart konstituert 18.1.1960.

Frå 1959 er ikkje soknepresten lenger sjølvskriven medlem av skulestyret. Men presten har framleis møterett og rett til å uttala seg i saker som gjeld kristdomsundervisninga. Alle ordinære skulestyremedlemmer skal frå 1959 veljast av heradstyret.

Lova av 1959 kravde at det i kvar kommune skulle tilsetjast ein skuleinspektør. I Øyer hadde dette vori på tale lenge. Alt i 1948 hadde skulestyret eit møte saman med lærarane i bygda, der skuledirektør Arne Gudbrandsen var tilstades og heldt foredrag om "Skulen sitt indre liv og ytre råme." I foredraget kom han m.a. inn på tilsetjing av skuleinspektør, og protokollen slår fast at det var " – eit framifrå godt foredrag!" I juli året etter seier protokollen: "I samband med 5-delning av Solvang skule, vil skulestyret tilrå at Øyer heradstype gjer slikt vedtak: "Det blir tilsett skuleinspektør for Øyer skulekommune frå hausten 1949 kl.IV med eit årleg timetal på 1296 timer".

Den 24.4.1950 vart Elias Gjørva tilsett som den fyrste skuleinspektøren i bygda. Han var frå Geiranger, men hadde vori lærar ved Solvang skule i Øyer sidan 1923. Leseplikta for skuleinspektøren vart i 1956 sett ned til 720 timer. Då Gjørva gjekk av for aldersgrensa i 1959, vart Leif Hundstad (f.1913) frå Kvæfjord tilsett som skuleinspektør. Han hadde stillinga til 1963 då han flytte frå

kommunen. Leif Simonsen (f.1918) frå Tolvik overtok etter han og hadde stillinga til han vart pensjonist. I hans tid vart stillinga omgjord til ”skulesjef”.

Kravet om tilsetjing av skuleinspektør hadde tydeleg samanheng med planane om utviding av skulen fram mot 9-årig skule. Ei slik reform ville krevja så omfattande planleggjingsarbeid at kommunen måtte ha ein fagperson til å ta seg av det. Det administrative arbeidet og ansvaret innan skulesektoren hadde på få år vakse i omfang.

Lova gav og høve til å tilsetja styrar ved ein skule. Skulestyret gjorde den 23.2.60 dette vedtaket: ”Etter paragraf 14 i skulelova kan det med samtykke frå kommunestyret tilsetjast styrar ved ein skule. Dei pedagogiske og administrative føremuner dette fører med seg, vil ein kunna forvissa seg om ved å lesa normalinstruksen for styrarar. Det vert frå 1. juli 1960 oppretta styrarstillingar ved Aurvoll, Vidarheim og Solvang skular.”

I same møtet gjorde skulestyret vedtak om å konstituera ein av lærarane ved framhaldsskulen i styrarstillinga ved skulen.

I 1958 gjorde skulestyret vedtak om ”rådgjevande og friviljuge” skulemogningsprøver for born som hadde nådd skulepliktig alder. Desse prøvene var ei av dei opgåvane skulepsykologisk kontor tok seg av.

Skulegang utover folkeskulen

Behovet for og trongen til meir kunnskap enn det folkeskulen kunne gje, er nok eit sårt kapittel hjå mange som var ungdomar på landsbygda i Norge både før og etter krigen. Vegen var stengd av økonomiske årsaker eller hindringar, sjølv om mange hadde både evner og lengslar som låg til rette for meir skulegang. Etter krigen vart nok tilhøva etter kvart betre, men det tok lang tid før all ungdom i landet fekk dei same sjansane til vidare utdanning.

Før krigen var det ein ”Arbeidsskole for gutter” igang på ulike stader i bygda, men då tyskarane okkuperte Fonstadsalen på Tretten i april 1940, måtte både elevar og lærar ut, og skulen kom ikkje i gang att.

På same tid som skulestyret organiserte ”Arbeidsskolen for gutter”, vart det i gangsett husstellundervisning for jenter, også i regi av skulestyret, men til å byrja med etter initiativ frå Tretten Arbeiderparti.

Desse kursa heldt fram etter krigen med ulik interesse og søkering. Kursa har skiftevis halde til på Aurvoll, Vidarheim og Solvang, eitt kurs om hausten og eitt etter jul. Den 16.12.-48 seier skulestyreprotokollen at ”Då det ikkje har meldt seg nok elevar, blir det ikkje noko kurs.” Men den 7.8.-50 kan protokollen fortelja om fornaya interesse: ”Etter framlegg frå tilsynsnemnda bestemmer skulestyret at det skal vera to husstellkurs på 26 veker - eitt på Solvang og eitt på Aurvoll, og eitt 14 vekers frivillig husstellkurs på Vidarheim.”

Etter kvart ser det ut til at jentene ikkje berre vil laga mat, men ha praktisk handarbeidsopplæring. Protokollen for 23.7.-51 seier: ”Det praktiske gjentekurset på 12 veker tek til 25.9. Tilsynsnemnda får fullmakt til å fastsette at det skal vera handarbeid for gjenter i staden for husstellundervisning dersom den finn det vanskeleg å få elevar nok til husstellkurs og lærarinna er viljug til det”.

Men i mellomtida er framhaldsskulen innført som obligatorisk skule for all ungdom i bygda. Det frivillige kurset i husstell og/eller handarbeid blir dermed eit andreårstilbod. Den 13.11.-51 gjer skulestyret vedtak om plan for 12 vekers frivillig handarbeidskurs i framhaldsskulen etter framlegg frå tilsynsnemnda for framhaldsskulen. Planen sett opp ei modellrekke for kurset frå prøvelappar til barnekjole, herreskjorte, bluse osv.

Framhaldsskulen

På det første skulebudsjettet som vart lagt fram i skulestyret etter krigen, den 9.6.-45, vart det sett opp løyvning både til framhaldsskule, husstellskule og "snikkarskule". Snikkarskulen, eller "Arbeidsskolen for gutter" som han i si tid vart kalla, kom ikkje i gang att etter krigen. Husstellskulen gjekk med skiftande elevsøknad heilt fram til at husstellundervisning gjekk inn som del av framhaldsskuletilbodet.

Etter protokollen løyvde kommunestyret pengar til eit framhaldsskulekurs for skuleåret 1944-45. Det vart valt ei tilsynsnemnd, innkjøpt pultar og anna utstyr, og Erling Arnekleiv frå Dovre vart konstituert som lærar for skuleåret. 24 elevar vart opptekne etter at 32 søkjavar hadde meldt seg.

Lovverket som låg til grunn for framhaldsskulen var gammalt - frå 1920-åra. Like før krigen var eit arbeid i gang med ei ny framhaldsskulelov, men det vart avbrote av krigshendingane. Først i 1946 vart arbeidet teke oppatt, og lova vart vedteke den 8.11.-46.

Denne lova var felles for både by og land. Skulen skulle byggja på grunnlaget som vart lagt i folkeskulen, og opplæringa skulle ta sikte på ungdom særleg under 17 år. Føremålet med framhaldsskulen skulle vera " - å fremja ålmendanninga og karaktervoksteren hjå elevane, førebu dei til livsgjerninga og arbeide for å gjera dei til dugande menneske både åndeleg og kroppslig". Ein må slå fast at framhaldsskulen var eit viktig skuletilbod til svært mange ungdommar som hadde både evne og kunnskapstrong utan å ha høve til å koma på andre skular.

Lova av 1946 gav kommunane høve til å fastsetja både skuletid og langt på veg faginhald etter lokale tilhøve. Det heiter m.a. at "Opplæringa skal byggjast mest mogleg

på det arbeidslivet elevane er med i eller har sett sjølv. Den røynsla dei har, bør nyttast ut mest råd er ". Som døme på dette hadde ein jordbruksfag på timeplanen, der "Bondeyrket" av Sven Taksdal vart nytta som lærebok. Heradsagronom Tord Kvitrud var lærar i dette faget, og elevane frå den tida kan fortelja at han m.a. gav som oppgåve å setja opp foringsliste for ku.

I 1947 blir det vald ei nemnd til å arbeide ut ny plan for framhaldsskulen, men same året kjem det eit skriv frå ordførar O. Hage-løkken om å gå over til obligatorisk framhaldsskule det 8. skuleåret, og friviljug framhaldsskule det 9. skuleåret snarast råd er. Skulestyret gjer etter dette vedtak om å setja i gang obligatorisk framhaldsskule om mogleg frå hausten 1948.

Hittil har framhaldsskuletilbodet vori ei



Elevar frå Framhaldsskulen i Øyer på skitur i Øyerfjellet vinteren 1948-49. Nedst f.v.: Bjørg Haugen, Åse Viken, Bjørg Lie, Ragnhild Bueie, Åse Lie, Marit Rusten, Gunvor Dahl. Bak: Jørgen Nysveen. Ståande: Øystein Løken. Oppå varden: Sverre Stenen, Leif Fjellstad.

teoretisk opplæring. Etter kvart finn dei praktiske faga inn. På slutten av året i 1947 tilrår både skuledirektøren og tilsynsnemnda for framhaldsskulen at ein gjennomfører handarbeidsopplæring ved framhaldsskulen alt frå kurset som er i gang dette året. Skulestyret gjer vedtak om at både jenter og gutter skal ha 4 veker handarbeid ved slutten av skuleåret. Timane til den teoretiske opplæringa blir med dette nedsett, og lærar og tilsynsnemnd får difor ” – rett til å ta bort av læreplanen det minst viktige i dei faga der ein ikkje greier å gå gjennom alt som er oppsett.”

Problemet med klasserom er eit stadig attendevendande spørsmål. I 1952 blir det sett i gang 2 obligatoriske framhaldsskulekurs, eitt på Solvang og eitt på Aurvoll. I tillegg blir det sett i gang eit 12 vekers husstellkurs på Vidarheim. I 1956 er det så mange avgangselever at det truleg blir 3 obligatoriske klasser i framhaldsskulen, og skulestyret meiner det blir store vanskar i klasseromspørsmålet. Ei nemnd blir vald for å drøfta saka og koma med framlegg til løysing. For skuleåret 1957-58 blir det 3 framhaldsskuleklassar med i alt 70 elevar - ein klasse på kvar av skulane Aurvoll, Vidarheim og Solvang. Skulestyret bestemmer at klassa på Vidarheim skal vera ei spesiell engelskklasse med ca 180 t. engelsk. Dette tilbodet er meint serleg for elevar som vil søkja seg til den høgare skulen. Dei vil truleg da kunne spara eitt år fram til examen artium, meiner skulestyret.

Det er ei tid då ting endrar seg fort, og mange spørsmål er usikre. Då skulestyret drøftar klassedelinga for 1960-61, kom dette tydeleg fram. 84 elevar slutta i folkeskulen. Ein visste at minst 23 elevar hadde søkt den høgare skulen på Lillehammer, men ein veit ikkje kor mange som kjem inn, og kor mange som skal gå framhaldsskulen. ”Ein må i stor mun byggja på gjetting”, seier sku-

leinspektøren til skulestyret. Men med det grunnlaget ein har, meiner ein at det må bli ei teoretisk line, ei ”halv teoretisk” line (praktisk-teoretisk) og ei praktisk line. Dette var i samsvar med framhaldsskulelova.

Men det er ei stor ulempe med skule på tre ulike stader, både for elevar og for lærarar. Fleire nemndar har vori nedsette for å sjå på kva ein burde gjera. I 1956 vart det vald eit utvalg som skulle sjå på eit framlegg frå ei tidlegare plannemnd for utbygging og ordning av skulane i Øyer. Året etter kjem denne nemnda med eit framlegg i skulestyret. Framlegget er bygd på det behovet ein har: Ein framhaldsskule utbygd på ein stad - utbygd med tre liner, teoretisk-praktisk for både jenter og gutter, praktisk-teoretisk for jenter og ei praktisk-teoretisk for gutter.

Men nemnda ser lenger og meiner at ein med tida må koma fram til ungdomsskule som var linedelt på den tida. Nemnda legg fram ein detaljert plan for byggestad, byggeprogram, og tankar om korleis krinsordninga og folkeskulen skal samordnast i den nye strukturen. Endeleg gjer nemnda framlegg om bygging av lærarbustader ved Aurvoll og Solvang. Sverre Opjordsmoen, var formann i nemnda som elles hadde Magnus Skogli, Eiliv Rognstad, G. Bræin og Hilmar Høiby som medlemar.

Med dette er skulepolitikken komen inn på det sporet som skal føra fram til eit etterlengta framhaldsskulebygg - om enn for ei kort tid - inntil framhaldsskulen går ut av historia som skulesystem ved overgangen til 9-årig skule.

Byggenemnda for framhaldsskulen, Ola Moe, Sverre Opjordsmoen og Erling Arnekleiv, vart valde i 1958. Elles i nemnda sat Trygve Solbrå, Kari Mageli og Rønnaug Sveipe. Tomt var kjøpt av Einar Aronsveen, og etter at 1. byggetrinn var ferdig, kunne

lærarane ved framhaldsskulen ynskje elevane velkomne til nytt, eige bygg. Frå eit omflakkande tilvære til eit liv i eige hus, kan Lars Holmen fortelja:

”Våren 1960 vart 1. byggjetrinn av framhaldsskulen påbegynt. Veke etter veke gjekk utover hausten, men endeleg: laurdag 5. november var dei 4 første klasseromma, lærarrommet, eit par smårom for handarbeid og toaletta ferdige, og den første elevflokk kom. Det var førebels inngang i sørrenden av bygget. På nordsida var det byggjeplass, for 2-etasje-blokken var under oppføring. Vi gjekk saman med handverkarane heile skuleåret. Det gjorde vi også under seinare byggjetrinn.

Vi var fem lærarar: Erling Arnekleiv var styrar og hadde all sløyd og naturfag, Rønnaug Sveipe var husstell-lærar, Bjørgulf Kummen var allmennlærar, men tok serutdanning i norsk og engelsk, Nelly (Fosseheim) Gillebo hadde handarbeid for jenter, og eg var også allmennlærar. Nelly og eg var heilt ”ferske” i jobben.

Det var 70 elevar fordelt på tre klasser, A, B og C. Det var deira 8. skuleår, men noen gjekk friviljutg 2. året i framhaldsskulen. Desse tre klassene hadde noe ulike fag. A-klassa hadde engelsk – det var nytt for dei, B- og C-klassa hadde meir av husstell og handarbeid, og gutane i desse to klassene hadde jordbruksfag. Annan skilnad kan eg ikkje hugse.

Fyrste året heldt husstellundervisninga til i eit vanleg klasserom, det som nå er nr 1 på Ungdomsskulen, handarbeidsundervisninga var lagt til to små rom på motsett side av korridoren, så jentene satt riktig ”tronjt i det”. Sløydundervisninga gjekk føre seg i kjellaren på Solvang der den hadde vore før. Slik gjekk fyrste skuleåret som skulle vara i 30 veker. Da vi var komne til 20. juni, stod det framleis att ei veke, men da fekk vi likevel slutte.

Denne våren var noe uvanleg, for styraren hadde permisjon frå 1. mai for vidareutdanning, og hadde vikar i sløyden. Vi hadde ei enkel avslutning med litt underhaldning saman med elevanc. Eit par elevvar hadde med seg trekkspel. Vi dansa ute på grasbakken sør på tomta, og det var riktig gildt.

Det var slett ikkje sjølv sagt at det kunne dansast på skulen den gongen. Noen år etter at ungdomsskulen var kome i gang, hugsar eg vi hadde ein nokså ”heit” diskusjon i lärrådet om dans på elevkveldane. Saka var også oppe i skulestyret – så viktig var ho, men det vart slik. Så den dansen vår den 20.juni 1961 var ”uløyves”.

Ved skulestart 2. året var 2-etasje-blokken ferdig, og dei praktiske faga kom da inn der. Frå dette året fekk gutane prøve seg på skulekjøkken, og det var nytt og oppsikt-svekkjande, riktig radikalt!

Vi var ikkje bortskjemde med audiovisuelle hjelpemiddel eller anna utstyr den gongen: eit ballooptikon, eit lysbildeapparat og noen filmstrips, noe fysikkutstyr, kart og globus – det var alt!

Som ein av dei yngste i kollegiet, fall kroppsøvinga på meg - både for jentene og gutane. Utan korkje gymsal eller dusj vart kroppsøvinga nokså avgrensa. Når det var skiføre, var skigonge naturleg. Når det var berrmark, dreiv vi litt orientering og friidrett med sikte på friidrettsmerke. Fotball og andre ballspel var også brukte, og ein rask tur til fots var ikkje bortkasta. Elles kunne ein rydde eit klasserom og drive lin-jegymnastikk, og ulike øvingar og leikar.

Frå 1961-62 var skuleåret på 32 veker. Skulen starta omlag 1. september og slutta før 17. mai. Eg kan ikkje hugse at det var noka haustferie, men vi var rommelege med permisjon om noen trondde potetplukkarar. Så var det eit par dagar vinterferie. Skuleveka var på 36 timer både for lærar og elev. Elevane stilte opp ved inngangsdøra når dei



Øyer framhaldsskule 1960-61 – Klasse A

Ståande: Lærar Bjørgulg Kummen. 1. rekke bakfrå: Ole Johan Elvestad, Per Øverlien, Svein Blomberg, Magne Musdalslien. 2. rekke bakfrå: Leif Engelstad, Øystein Tande, Jørgen Skaug, Reidar Løken, Kåre Sandheim, Bjørn Nordgård. 3. rekke bakfrå: Terje Vedum, Eva Nordli, Hermod Botterud, Berit Romfog, Ragnhild Johnsgård, Gunhild Haugen. 4. rekke bakfrå: Toril Hageløkken, Anne Marie Stein, Jorunn Johnsgård, Steinar Manengen, Bodil Haugen. 5. rekke bakfrå: Oddrun Svegården, Aud Johnsgård, Ingrid Haugen, Arve Dalbu, Ole Johs. Bø, Ove Blikås.



Øyer framhaldsskule 1960-61 – Klasse B

Ståande: Skulestyrar Erling Arnekleiv. 1. rekke bakfrå: Knut Bjerklund, Rolf Bergum, Per M. Opdal. 2. rekke bakfrå: Tore Jonny Hovdsveen, Kjell Larsen, Ivar Botheim, Kari Nybakken, Knut Bergheim, Arnfinn Gillebo. 3. rekke bakfrå: Olga Solberg, Marit Solbakken, Johanne Lysbakken, Inger Oline Johansen, Svein Rindal, John Gillebo. 4. rekke bakfrå: Grethe Buenget, Anne Johansen, Sissel Engen, Anne Lise Nordheim, Grethe Sagen, Bjørg Hagen.



Øyer framhaldsskule 1960-61 – Klasse C

Ståande: Lærar Lars Holmen. 1. rekke bakfrå: Solveig Bjørnnesset, Laila Paulsrød, Anne Margrethe Chytil, Liv Oddrun Grønlund, Øyvor Lie. 2. rekke bakfrå: Arvid Viken, Odd Thulien, Anne Lise Bråthen, Knut Jakobsen, Inger Oline Solberg, Øygunn Hagebakken. 3. rekke bakfrå: Per Bollviken, Magnar Jevnehagen, Mathias Lie, Erling Lognseth, Aud Aaseth, Oddveig Olstad. 4. rekke bakfrå: Ola Olstadjordet, Roger Kalstrup, Arvid Olsen, Inger Marie Odden, Inger Kråbøl.

skulle innatt til time. Framhaldsskulen stod nokså fritt med kva ein skulle ha av timetal i ulike fag. Men skulen var – som namnet seier – eit framhald av folkeskulen. Lærebøkene var stort sett skrivne for framhaldsskulen. Både bokmål og nynorsk var i bruk i kommunen, så i framhaldsskulen måtte ein derfor undervise i både målformene i same klasse. Det var ikkje så lett å få til. Skuleåret vart avslutta med skriftleg eksamen i norsk og rekning, og i engelsk for den klassa som hadde det.

Gutane i B- og C-klassa, dei som hadde jordbruksfag, hadde skogplanting ein dag om våren. Skidag til fjells i mars månad var fast, og eit par vårar i slutten av skuleåret tok vi ein busstur i distriktet. 2-3 år arrangererte vi foreldrefest, og det var avslutningsfest med underhaldning, utstilling av elevarbeid og utdeling av vitnemål. Handarbeids-

salen var festsal. Konferansestimar og foreldremøter var ikkje komne ennå, og det var i det heile liten kontakt mellom skule og heim – ikkje noe var fastlagt.”

På veg mot 9-årig skule

Skulelova av 1959 – iverksett frå 1.7.-59 tok sikte på ein obligatorisk 9-årig skule om ikkje så mange år. Einskapskuletanken er viktig her. Det skulle vera ein skule for alle - i heile landet, utan omsyn til geografi eller økonomisk evne hjå den einskilde. I Stortinget var det ikkje full semje om dette. Mindretallet meinte at ein framleis burde kunna ha både framhaldsskule og realskule ved sida av 9-årig skule i ein overgangsperiode.

Men fleirtalet tok bestemt avstand frå dette. Det var viktig å få ein skule som slo fast at den 9-årige obligatoriske einskaps-skulen skulle vera den framtidige skuleord-

ninga i Norge, og at ymse forsøk skulle vera innanfor denne råma. Difor heiter det i lova: "Kommunestyret kan, etter tilråding frå skolestyret og etter avtale med departementet, gjera vedtak om plikt for elevane til å gå 9 år i einskapsskule."

Mange krav måtte difor oppfyllast før ein kunne søkja om å ta til. Men ein del er gjort. Framhaldsskulen var eit viktig steg vidare – til yrkesskule, til landsgymnas eller gymnasutdanning på Lillehammer.

I 1958 er det så mange frå kommunen som søker skule på Lillehammer at Kommunen kjenner ansvaret for skyss til desse elevane. Frå formannskapet kjem det melding om at det skal førast opp ein ny utgiftspost: "Skyss til elever ved Lillehammer høyere skole" med kr 32.000,-. Skyssordninga er godkjend av fylkesmannen etter avtale med Øyer-Tretten Birluter. Våren 1959 gjekk 61 elevar ut av folkeskulen. Av desse sökte 14 om opptak ved Lillehammer gymnas.

Frå forstandarskapet for Lillehammer høgre skule kom det brev til kommunane i Lillehamer, Østre og Vestre Gausdal og Øyer om at kommunane burde ta opp spørsmålet om sams eksamen for elevane i desse kommunane. Rektor ved den høgre skulen på Lillehammer gjorde det klårt at kommunane sjølve måtte syta for borna sine. Øyer skulestyre kjenner at dei er under press – kanskje andre skulestyre kjende det same. I 1962 sökte 22 elevar om plass ved Lillehammer høgre skule. Skulestyret seier at ein kan ikkje rekne med at alle desse får plass dette året, og ein kan ikkje rekne med at 9-årig skule kjem i gang så fort. Skulestyret sender brev til kommunestyret der ein peikar på vanskane ein står framfor.

Desse problema var eit viktig press i framdrifta mot innføringa av den 9-åriga skulen.

I møte 23.2.-60 gjer plannemnda framlegg om at det blir innført ein 4. og 5. skuledag for dei to øvste klassane i folkeskulen frå hausten 1960. Skuleåret har slutta seg til framlegget, og skulestyret vedtek dette samrøystes. Dette får visse praktiske konsekvensar for dei todelte skulane. Elevane frå Vestlund får den 4. og 5. skuledagen ved Vidarheim skule, elevane frå Engelund og Dulven får desse dagane ved Aurvoll, og elevane frå Vik får "eventuelt sine ekstradaragar på Aurvoll". Det er ein føresetnad at engelskundervisning og praktiske fag blir lagd til desse to ekstra dagane.

I det same møtet gjer skulestyret eit samrøystes prinsippvedtak etter innstilling frå plannemnda og tilslutning frå skulerådet om innføring av 9-årig skule for alle elevar i Øyer kommune. I vedtaket heiter det at den nye skuleorninga blir gjennomført "når det nye skulebygget på Lundstad ved Solvang er bygd ferdig". Mønsteret for skuleordninga, 6+3 eller 7+2, vil bli fastlagd seinare. Tala står for år på barnetrinnet og på ungdomstrinnet.

Etter møtet i skulestyret i mars 1962 får dei ulike skulekrinsane til oppgåve å uttala seg om framtidig skuleordning. Det er mange ting ein skal ta stilling til: Samling av barneskulane i 3 krinsar, Aurvoll, Vidarheim, Solvang med småskulen for dei 3 fyrste årskulla i Dulven, Engelund og Vestlund, eventuelt at Engelund får ha dei 4 fyrste årskulla, vidare spørsmålet om den linedelte ungdomsskulen skal ha 6+3 eller 7+2-ordning for heile kommunen eller 6+3 for Øyer sokn og 7+2 for Tretten. Endeleg vil ein ha krinsane si mening om namnet på dei nye skulekrinsane.

Det blir sjølv sagt ulike meininger i dei ulike sokna og dei ulike skulekrinsane. Ved voteringa i skulestyret den 13.6.-62 blir det vedteki at barneskulen blir samla i skulekrinsane Aurvoll, Vidarheim og Solvang,

medan Engelund, Dulven og Vestlund blir haldne oppe som småskulekrinsar for dei 4 fyreste årskulla. Mindretalet ville ha desse krinsane for dei 3 fyreste årskulla.

Spørsmålet om ordninga med ungdomsskulen blir vanskeleg. Mönsteret 6+3 eller 7+2 har gjevi ulikt resultat i dei ulike krinsane. Plannemnda har delt seg med eit fleirtal på 5 for som vil ha 6+3 for Øyer sokn og 7+2 for Tretten sokn. Dette blir støtta i mindretalet i skulestyret som viser til at borna frå Tretten får lenger bilkøyring sidan ungdomsskulen blir plassert i søre enden av kommunen. Difor har eit fleirtal i krinsane i Tretten gått inn for at 7+2-ordninga blir innført for Tretten sokn. Distriktslege Hekneby støttar dette synet. Likevel blir det eit fleirtal i skulestyret for at alle 7.-klassingane i kommunen skal samlast på Lundstad, dvs. det som no har namnet Øyer ungdomsskolekrins. 6+3-ordninga for heile kommunen er med det bestemt.

I november -62 drøftar skulestyret skulesituasjonen i Øyer, og er samde om at 9-årig skule kjem i gang frå hausten 1965. Men i mars -63 finn ein ut at ein kan ta til eitt år tidlegare, dvs. frå hausten 1964. Dette fører til at byggearbeidet må vera ferdig, og ein bed kommunestyret godkjenna byggeplanane.

Den 30.10.-63 gjer skulestyret vedtak om å søkja Kyrkle- og undervisningsdepartementet om ”avtale for forsøk med 9-årig skule” frå hausten 1964. Søknaden er grunngjeve med rikelege opplysningar om Øyer kommune generelt, og om skuletilhøva og skulane spesielt.

Det verkar difor som ein kalddusj at skuledirektøren i skriv av 15.1.-64 gjer det klårt at han ikkje kan tilrå at Øyer kommune får starte med 9-årig skule frå 1.7.-64 i hovudsak fordi den 7-årige barneskulen ikkje er nok styrka på førehand. Det vanlege er at ein kommune skal ha brukt førsøksplanen i minst 2 år før ein kan starta med 9-årig sku-

le. M.a. ord skal engelsk innførast frå 5. skuleår, og undervisningstida i 4. og 5. klasse skal minst vera 4 dagar pr. veke. Øyer har berre 3 dagar pr. veke for desse klassane, og engelsk har ein berre i 6. og 7. klasse. Skuledirektøren rår til å gjennomføra forsøksplanen i 1964/65 og startar opp med 9-årig skule frå 1.7.-65. Skal ein klare det, må ei rekkje vilkår oppfyllast.

Under sak 69/64 i skulestyremøte den 30.6. -64 heiter det: ”Vilkår for forsøk med 9-årig enhetsskole. Avtale med departementet. I skriv av 3.4.-64 til Kirke- og undervisningsdepartementet rår Forsøksrådet for skoleverket til at Øyer får avtale med departementet om overgang til 9-årig skole for 1.-7. klasse fra 1965”. Avtalen krev at ei rekkje vilkår blir oppfylte, så som utvida lesetid, fag- og timefordelingsplan og utbygging av skulane osv. Etter innstilling frå skuleinspektøren gjer skulestyret einstemmig vedtak i denne saka.

Etter det råd skuledirektøren gav i samband med avslaget på søknaden om å ta til med 9-årig skule frå hausten -64, vart 7. årskull i skuleåret 1964-65 sentralisert til det som skulle bli ungdomsskulen på Lundstad. Vidare vart skuletida i framhaldsskulen utvida til 38 veker i 1964-65 for å gje eit best mogleg grunnlag for dei som ikkje kom inn på realskulen på Lillehammer. Framhaldsskuleelevarane 1965/66 fekk fritt val til å gå over i 8. klasse i den 9-årige skulen i 1966/67. Dei som valde dette tilbodet, fekk obligatorisk fullføring av 9. klasse.

I protokollen for Øyer skulestyre den 28.1.-65 står det m.a.: ”Fra 1. juli 1965 innføres 9-årig skole for klassene 1-7. Ved ungdomsskoleanlegget blir det 2 framhaldsskoleklasser og 3 sjuendeklasser 1965/66, og det forutsettes at de fleste postene også dette året blir kombinerte poster. Men da ungdomsskolen nå kommer inn i bildet – med

bl.a. andre utdanningskrav, må postene sies opp og lyses ledige." Dette førte til at både styraren og alle lærarane ved det som den gongen hadde namnet Øyer kombinerte folke- og framhaldsskule vart oppsagde frå 1.7.-65, og postane ved det som frå same datoен skulle ha namnet "Øyer ungdomsskole" vart seinare lyst ledige.

Då ungdomsskulen vart innført i Øyer, var linedelinga alt forlatt og ein hadde fått kursplandeling i staden. I dei skriftlege faga, norsk, engelsk og matematikk, var det 3 kursplanar, og enda ei plan A for elevar med særer store lærevanskar. Tysk var obligatorisk fag den gongen, og det hadde 2 kursplanar - 1 og 2.

Stipend

For skuleungdom i eller utafor bygda har det alltid vori ei kjærkomen hjelp å få tildelt eit kommunalt stipend, stort eller lite, til å skøyte på ein ofte mager økonomi.

Fyrste gongen dette er oppe som sak i Øyer skulestyre etter krigen, ser ut til å vera den 25.11.-46. Då blir det referert ei melding frå Øyer heradstyre "om at det er løyvd kr 3.000,- til stipend for ungdom som har mindre råd til å sökja vidare utdanning." Skulestyret reagerer spontant med å velgja ei nemnd som skal setja opp reglar for stipendtildelinga. Desse vart valde: ordførar Hageløkken og sokneprestvikar Sønstegård. Han vart seinare bytta ut med sokneprest Høyem, og Sverre Opjordsmoen vart også med.

Første forslaget til reglar for tildeling kom i januar -47. Men det vart endra to gonger på eitt år, så i januar -48 kom det tre-dje og siste forslaget. Det fekk slik ordlyd: "Av midler til disposisjon utdeler skulestyret stipendier til skuleungdom til reise eller opphold, etter søknad i følgende orden:

1. Framhaldsskulen eller annan ungdomsskule innan heradet
2. Til evnerik,

trengande ungdom til landsgymnas og alle andre praktiske og teoretiske skular.

I møte i april -47 fekk 16 av i alt 28 søkerar tildelt stipend. Søkerane var elevar ved husstellskule, framhaldsskule, folkehøgskule, landsgymnas og handarbeidskurs. Stipendsummane varierar frå kr 10,- til kr 350,-. Men skulestyret var varsame - dei delte ut mindre enn halvparten av det dei kunne. Av restsummen, kr 1.603,-, "kan skulestyret dele ut stipend etter søknad som må vera innkomne til skulestyret innan 10. mai 1947 -".

Som åra gjekk, vart stipendsummen større, men dei som sökte, vart etter kvart fleire. I november 1954 delte skulestyret ut kr 4.700,- til stipend mellom 40 søkerar. Av desse fekk 36 ungdomar tildelt frå kr 50,- til kr 200,- ein kan vel trygt seiia at tildelinga ser ut til å vera meir "demokratisk" i 1954 enn i 1947 sjølv om skulestyreprøtotokollen ikkje seier noko om behovet bak stipendie-søknadene.

I 1958 vart kr 5.000,- delt mellom 27 av i alt 47 søkerar. Dei tildelte summane varierer mellom kr 100,- og kr 300,-

Målrøysting - nytt opplæringsmål i skulekrinsane

I 1945 var nynorsk opplæringsmål i alle skulekrinsane i Øyer kommune. Kravet om målrøysting kom i 1954 frå Aurvoll krins til skulestyremøtet den 16. desember. På same møtet vart det opplesi eit skriv frå Tretten frilynte ungdomslag der det blir sagt at dei ser det som ei ulukke for born og ungdom at det blir skifta mål i skulen. Å skifte frå eitt opplæringsmål til eitt anna er ikkje gjort i ein fart. Målrøysting har sine eigne demokratiske speleregler. Men det er få ting som kan setja sinna slik i kok i varme diskusjonar som nettopp målrøysting.

Alt etter fyrste røysting i krinsmøtet vis-

te eit stort fleirtal for bokmål som opplæringsmål i Aurvoll krins. Men først den 13.8.-57 kan skulestyret gjera vedtak om at bokmål skal vera opplæringsmålet. Saka blir ein attgangar frå møte til møte i 10 ulike saker. Det er ikkje berre å telja stemmer. Det er spørsmål om tolking av reglane, om tolking av røysterresultatet, om lesebøker og andre bøker i skriftleg norsk, om moderate og radikale former.

I spørsmål som har med opplæringsmål å gjera, må lærarane lojalt halda seg til lovlege vedtak i skulestyret. Men dei kan ha sine personlege og faglege meininger, det viser eit referat frå eit møte i Øyer lærarlag den 18.3.-58. Møtet gjer vedtak om å senda denne resolusjonen til Norsk språknemnd og til Kyrke- og undervisningsdepartementet:

”Lærarinne og lærarar i Øyer kommune støttar arbeidet åt Norsk språknemnd og helsar læreboknormalen velkommen. Når det nå kjem nye lære- og lesebøker, bør aust-norske former komme meir med enn før i nynorsk, og ein bør vera varsam med å bruke ord som er ukjende for austlendingar. I bokmål bør radikale former få så brei plass som skriftnormalen gjev lov til.”

Då Vik skule vart slegen saman med Aurvoll skule, kom målspørsmålet opp på nytt. Vik hadde nynorsk som opplæringsmål, og difor vart det ny målrøysting i begge krinsane i 1962. Resultatet vart at bokmål vart opplæringsmål for Vik-Arvoll krins.

I tur og orden kom det krav om målrøysting i dei andre skulekrinsane. I 1962 vart bokmål innført i Dulven og Engelund krinsar, i 1964 i Solvang krins, og same året vart bokmål innført som opplæringsmål i Vidarheim krins.

Den gamle lærarstaben sluttar

Dei fleste lærarane i Øyer etter 1945 hadde vori i bygda i lang tid. Fleire av dei hadde ei tenestetid i Øyer-skulen på 40 år og meir.

Mellom 1945 og -65 slutta så mange av desse, at ein kan snakka om eit generasjons-skifte:

Gustav Myhren	slutta i 1949
Valborg Fossberg	” ” 1949
Anna Enge	” ” 1959
Elias Gjørva	” ” 1959
Sigurd Bjørnstad	” ” 1959
Johannes Musdalslien	” ” 1960
Kristian Ourom	” ” 1960
Ingvar Hylen	” ” 1961
Petra Hylen	” ” 1963
Live Sulheim	” ” 1964
Oluf Turtumøygard	” ” 1965
Olaug Turtumøygard	” ” 1965

Andre lærarar som virka i Øyerskulen heile perioden 1945-65, eller ein stor del av denne:

Einar Høistad
Marie Høistad
Erling Arnekleiv
Andreas Grepstad 1949-57
Øyvind Berge 1948-58
Aslaug Lilletofte
Gerda Ihle
Rønnaug Sveipe

Det var lærarmangel i landet i denne perioden. I Øyerskulen vart det synleg ved dette generasjonsskiftet. Ikkje så reint få studenter virka som lærarar i denne tida og fekk såleis verdfull røynsle i skulen. Mange av dei tok seinare lærarutdanning.

Fredsvår og rettsoppgjer

Det rettslege oppgjaret etter okkupasjonstida greip også inn i skulen sitt liv. Frå møtet i Øyer skulestyre 9.6.-45 seier protokollen dette under sak 22:

”Ref. skriv frå K. og U.-dep. om lovlege forhold etter okkupasjonen. Rundskriv nr. 1



Kommunetilsette lærarar i Øyer 1960

Sitj. f.v.: Johs. Musdalslien, Live Sulheim, Kr. Ourom, skuleinsp. Leif Hundstad, Marie Høistad, Einar Høistad. Ståande f.v.: Gerda Ihle, Petra Hylen, Ingv. Hylen, Erling Arnekleiv, Gunnar Styve, Arne Haukenes, Aud Oddrun Tande, Kjell Ødegård.

Andre lærarar tilsette i Øyer kommune: Olaug og Oluf Turtumøygård, Bjørgulf Kummen, Rønnaug Sveipe, Aslaug Lilletofte.

for 1945 med kommentar - om gjeninnsetting og fjerning av lærere som har vist utilbørlig forhold under okkupasjonstida.

Vedtak: Rundskriv nr 1 med kommentarer blir å sende til Øyer lærarlag, H.S.-leidrarar og Aurvoll og Vidarheim kretsstyre til fråsegn snarast"

Og sak 23: "Ref. skriv frå K. og U. dep. om Folke- og skuleboksamlingane.

Vedtak: Bøker som har N.S.-tendens som er sett inn i skuleboksamlingane i N.S.-tida, må takast bort straks".

Da Quisling vart innsett som "ministerpresident" i februar 1942, ville han tvinga nordmennene til å bli nasjonalsosialistar. Dette meinte han å greia ved lov. Ved "Lov om Nasjonal Samlings ungdomsteneste"

skulle barn og ungdom mellom 10 og 18 år bli medlemer av Nasjonal samling. Skulen og lærarane skulle vera viktige reidskap i nasifiseringsprosessen. Gjennom "Lov om Norsk Lærarsamband" skulle alle lærarane tvingast til lydnad mot nazistane. Lærarorganisasjonane reagerte straks med oppmo-ding til sine medlemer om å protestera og erklæra at dei ikkje såg seg som medlemer av Lærarsambandet. Tusenvis av utmeldingar kom, og trass i trugsmål om lønsnekt, oppseiing, arbeidsteneste og arrestasjonar av 1.100 lærarar, måtte Quisling og hans menn gjéapt. Kyrkjedepartementet måtte fråfalla alle krav til lærarane så nær som medlemsskap i Lærarsambandet. Der var alle automatisk medlemer, trass i protes-

tar – men nå utan forpliktingar. Quislings storstilte planar om nasifisering av det norske folket, vart ein fullkommen fiasko.

Eit lite mindretal av lærarane gav likevel etter for presset og aksepterte medlemskap av naziorganisasjonen. Det var desse som fekk det vanskeleg då krigen var slutt.

Ingen av lærarane i Øyer vart arresterte, og ingen var medlem i Nasjonal samling. Men 4 av dei protesterte ikkje mot den obligatoriske medlemskapen i Lærarsambandet. På skulestyremøte den 24.8.-45 vart saka til desse 4 lærarane oppe til handsaming. Skulestyret konkluderte slik: "Skulestyret har fått inntrykk av at kretsane gjerne vil ha desse lærarane – og vil difor råda til at ingen av deim blir dømt frå stillingane sine".

Etter dette går saka til den granskingsnemnda som departementet har sett ned. I februar 1946 kjem svaret. Departementet har slutta seg til tilråding frå granskingsnemnda, og rår vidare til at to av desse lærarane blir suspenderte frå stillingane sine. Dei andre to bør få ein skarp reprimande frå skulestyret fordi dei ikkje protesterte mot Norsk lærarsamband. Dette blir også vedteki, sjølv om eit mindretal ville ha saka avgjort med reprimande for alle fire. Den tredje av desse lærarane fekk saka si avgjort ved reprimande og oppheving av suspensjonstida den 19.3.-48. For den siste vart saka oversend påtalemakta med krav om at det måtte bli reist sak mot vedkomande og frådøming av stillinga.

Etter domen 14.6.-48 fekk Øyer skulestyre fullmakt til å bruka ordensstraff i samhøve med utrensingslova. Skulestyret gjorde etter dette vedtak om 2 års suspensjon utan løn, og at suspensjonen fekk attendevirkande kraft. Suspensjonstida gjekk etter dette ut 1. juli 1948.

Døveskulen i Øyer

Denne skulen høyrde ikkje til det offentlege skuleverket i Øyer, men hadde hus her fra 1955 til 1978.

Etter krigen var det stort behov for skuleplassar til døve elevar, og difor var det at staten leigde Nermo turisthotell og dreiv "Øyer offentlige skole for døve" gjennom avtale 5 og 5 år om gongen. Etter kvart tok fylket over drifta.

Då skulen starta, var det 70 elevar, men etterkvart minka behovet. Elevane, som i den fyrste tida kom heilt frå Finnmark, gjennomførte skulegangen frå 1. til 8. klasse på Nermo. I slutten av 8. klasse vart dei konfirmerte i Øyer kyrkje av døvepresten.

Odd Falkener Bertheussen var rektor ved skulen fram til 1966. Etter han var Odd Naustvoll rektor nokre år, og dei siste åra skulen var i drift, var Steinar Hegstad frå Øyer rektor.

Totalt var skulen ein stor arbeidsplass i bygda. Utanom lærarstaben på 10 personar i den fyrste tida, fordelt på 5-8 elevar i kvar klasse, var det kjøkken- og internatpersonale, instruktørar for elevane i fritida, kontor- og reingjeringspersonale.

Kjelder:

Protokollar for Øyer skulestyre

Protokollar for Øyer lærarlag

Hans Jørgen Dokka: Vår nye skoleordning

Høigård og Ruge: Den norske skoles historie

Det lokale folkestyre 150 år (Øyer 1987)

I gamle fotefar 1988

Normalplan for landsfolkeskolen

Skulelover for folke- og framhaldsskulen

Marit Rusten Finfoft:

Flukten fra landsbygda

Eller videre utdanning og arbeid (1945–1965)

I perioden 1945 til 1965 skjedde det store forandringer på landsbygda i Norge. Utflytting til byer og tettsteder var stor – så stor at aviser og andre begynte å omtale det som skjedde som ”flukten fra landsbygda”. Avisene var sterkt opptatt av dette. Kjente forfattere som Tor Jonsson (Nesler 1951) og Alf Prøysen (Trost i Taklampa 1950) skildret situasjonen, hver på sin måte. Politikerne reagerte, og i 1946 nedsatte Stortinget en komité, Jamstellingskomiteen. De ønsket blant annet å finne ut hvorfor folk flyttet fra landsbygda til byene.

På landsbasis ble ca. 70 000 småbruk med innmark på under 50 mål forlatt i løpet av de første 25 år etter krigen. Over en tredjedel av den nedlagte jorda ble liggende brakk. I samme periode sank befolkningen på landsbygda med ca 250 000. Ca 120.000 av disse havnet i Oslofjord-området.

Ser vi på **jordbruksstilling for Øyer føretatt i 1949 og 1959**, kan vi få et lite innblikk i hva som skjedde i jordbruket her i bygda bare i løpet av en ti-års periode:

	1949	1959
Bruk over 5 dekar	445	405
Storfe	2.737	2.065
Hester	584	334
Traktorer	17	159

Jord- og skogbruk var de viktigste næringene i bygda, så endringer her hadde stor betydning for befolkningen.

